



**Høgskolen i Telemark**

## **Rapport og planar (2011-2012)**

**Høgskolen i Telemark**

**Fastsett av styret  
23. februar 2012**

## **Innhald**

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Resultatrapportering for 2011.....</b>	<b>7</b>
<b>2.1.Sektormål 1.....</b>	<b>7</b>
<b>2.2.Sektormål 2.....</b>	<b>18</b>
<b>2.3.Sektormål 3.....</b>	<b>23</b>
<b>2.4.Sektormål 4.....</b>	<b>28</b>
<b>2.5.Særskilt rapportering.....</b>	<b>37</b>
<b>3. Planar for 2012 .....</b>	<b>45</b>
<b>3.1.Plan for verksemda i 2012 .....</b>	<b>45</b>
<b>3.2.Plan for tildelt løyving for 2012 .....</b>	<b>49</b>

## **Vedlegg**

- 1. Skjema for risikovurdering**
- 2. Evaluering av ingeniørutdanninga ved Høgskolen i Telemark  
- Oppfølgingsplan**
- 3. Evaluering av førskolelærerutdanninga ved Høgskolen i Telemark  
- Rapport**
- 4. Kartleggingsskjema studentkapasitet**
- 5. Strategi for samarbeid mellom HiT og arbeidslivet 2012-2014**

# 1. Innleiing

## 1.1 Om Høgskolen i Telemark

Høgskolen i Telemark (HiT) blei etablert 1. august 1994 gjennom samanslåing av tidlegare Telemark distriktshøgskole, Bø, Telemark ingeniørhøgskole, Porsgrunn, Telemark lærarhøgskole, Notodden/ Rauland, og Telemark sjukepleiarhøgskole, Skien.

HiTs fellesadministrasjon ligg i Porsgrunn. Mellom Porsgrunn og Rauland, dei geografiske ytterpunkta, er det rundt 160 km.

HiT er den fjerde største av dei statlege høgskolane. Talet på registrerte eigenfinansierte studentar per 01.10.2011 var 5 845. Det er ein auke på 362 studentar samanlikna med 01.10.2010.

HiT er delt inn i desse fire fakulteta (forkortingar, geografisk lokalisering og fastsett resultatmål for talet på 60-studiepoengseiningar i 2012 i parentes):

- Fakultet for allmennvitskaplege fag (AF, Bø/Porsgrunn/utlandet, 1 650)
- Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning (EFL, Notodden/Rauland/Porsgrunn/Drammen, 1 403)
- Fakultet for helse- og sosialfag (HS, Porsgrunn, 732)
- Fakultet for teknologiske fag (TF, Porsgrunn, 650)

Styret har oppretta grunneiningar (institutt) ved alle fakulteta.

HiT kan tildele følgjande gradar, som gjev rett til tilsvarande tittel, og yrkesutdanningar, med normert studietid i parentes:

### Gradar:

- Høgskolekandidatgrad (2 år)
- Bachelorgrad (3 år)
- Mastergrad (2 år)
- Doktorgrad (doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk og doktorgradsstudium i økologi) (3 år)

### Yrkesutdanning:

- Grunnskolelærarutdanning (4 år)
- Faglærarutdanning (4 år)

HiTs første doktorgradsstudium (i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk) kom i gang hausten 2009. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) vedtok same haust å akkreditere eit andre doktorgradsstudium ved HiT innan økologi. Etter behandling i HiTs styre 28.10.10 fastsette Kunnskapsdepartementet (KD) ved brev 19.11.10 at studiet kan opprettast. Det starta opp hausten 2011. Doktorgradsstudium i kulturstudiar er i skrivande stund til vurdering for akkreditering i NOKUT. Arbeidet med å utvikle eit fjerde doktorgradsstudium (helsefremjande arbeid) har førebels stoppa opp, m.a. som følge av samarbeidsprosjektet med UiA.

Hovudtyngda av den ordinære undervisninga blir gjeve på dei faste studiestadene (Bø, Notodden, Porsgrunn og Rauland), men høgskolen tilbyr også desentralisert førskolelærarutdanning i Drammen. HiT er fagleg ansvarleg for ex.phil./ex.fac.-utdanning og anna utdanning i utlandet gjennom ein samarbeidsavtale med Gateway College. HiT har dessutan eit relativt stort og aukande tilbod av tradisjonell og nettbasert fjernundervisning.

HiTs forskings- og utviklingsverksemd (FoU) har framleis betydeleg behov for styrking når det gjeld forskingsleing og forskingskultur, sjølv om fleire forskingsmiljø hevdar seg relativt godt mellom dei statlege høgskolane i konkurransen om forskingsmidlar. Formidlingsverksemda er omfattande.

Høgskolen freistar medvete å styrkje og utvide samfunnsrolla si, med særleg vekt på samfunns- og næringsliv i Telemarksregionen. Det er inngått fleire samarbeidsavtalar som er baserte på samvirke mellom høgskolen, næringslivet og regionale styresmakter. Gjennom eksterne referansegrupper knytte opp mot dei ulike fakulteta sine studieprogram, blir relevansen til desse programma styrkt. Eit felles råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) er etablert, jf. KDs tildelingsbrev til HiT for 2011.

HiT har etablert eit velfungerande støtteapparat rundt den faglege verksemda. Den bygnings- og anleggsmessige standarden er i all hovudsak god, men det trengst utvida areal i Porsgrunn. Dette blir nå realisert gjennom eit særskilt kurantprosjekt. Byggeprosjektet femner om eit stort auditorium, utviding av biblioteket og fleire kontorarbeidsplassar, og er venta å vere ferdig til studiestart i 2013. Bibliotektenestene held høg kvalitet og IT-infrastrukturen er solid og stabil.

Proessen mellom HiT og Universitetet i Agder (UiA) om eventuell fusjon eller eit utvida samarbeid går vidare. Styra ved dei to institusjonane gjorde vedtak i september 2011 om å setje i gang eit 3-årig samarbeids- og utgreiingsprosjekt, og det er oppnemnt eit eige prosjektstyre. Samansetjing og mandat går fram under del 2 Resultatrapportering, verksemdsmål 1.0.

## **1.2 Rapportering om arbeidet i styret**

Styret er HiTs øvste organ. Det har 11 medlemmer. HiT fekk nytt styre frå og med 01.08.11, samansett av fem interne, fire eksterne og to studentar. HiT har eksternt styreleiar. Rektor er sekretær for styret.

Styret avgjorde hausten 2009 at det på nytt skulle gjennomførast eksternt evaluering av høgskolens organisering, styring og leing. AGENDA Kaupang fekk oppdraget med å utføre evalueringa, og leverte sin rapport 28.05.10. Med bakgrunn i denne rapporten og høyringsfråsegner i den samanhengen vedtok styret 28.10.10 å innføre ei ordning med einskapleg leing og åremålstilsett rektor ved HiT med verknad frå 01.08.11. Styret fastsette vidare ny institusjonell leiingsstruktur i møte 24.02.11, med verknad frå 01.08.11. Dei viktigaste endringane var oppretting av stillingar som viserektor for utdanning, viserektor for FoU, og direktør. Stillingane som høgskoledirektør, prorektor og studiedirektør blei inndregne. Elles blir tidlegare organisering, styring og leing i all hovudsak vidareført, m.a. avdelings- og instituttinndelinga, men avdelingane har fått nemninga fakultet.

Et svært sentralt tema i 2011 har vore utgreiingsproessen mellom HiT og UiA om eventuell fusjon eller utvida samarbeid. Proessen er formelt behandla i styremøta i juni og september, og har i tillegg vore eit fast tema under informasjonsutvekslinga på alle styremøta i 2011 og på styreseminar.

Sentrale saker har elles vore tilsetjing i høgskolens leiarstillingar, som rektor, direktør, viserektor for utdanning, viserektor for FoU, dekanar, dei fleste instituttleiarane, personal- og organisasjonsdirektør, økonomidirektør og IT-sjef. Vidare har styret handsama oppnemning av doktorgradsutval for økologi, revisjon av ordninga for godtgjersle til styrets medlemmer, revisjon av reglar for møta i styret, evaluering av Internasjonalt utval, Utdanningsutvalet og FoU-utvalet, etablering av Råd for samarbeid med arbeidslivet, delegering frå styret til rektor, og rullering av strategisk plan for perioden 2010-2014.

I tillegg kjem årlege sentrale saker som årsrekneskap for 2010, revidert budsjett for 2011, budsjettfordeling for 2012, langtidsbudsjett for perioden 2013-2017, prioritering av faglege satsingsområde, fastsetjing av studieporteføljen for studieåret 2012-2013, og resultatkrav og opptaksmåltal for 2012.

Styret har hatt to seminar i tillegg til dei ordinære styremøta i 2011. Hovudtema på det første seminaret var utgreiingsproessen mellom HiT og UiA om eventuell fusjon eller utvida samarbeid, medan målet for det andre seminaret var å etablere ei plattform for den nye styrets arbeid.

Styret slår fast at det til nå har vist seg vanskeleg å få til finansiering frå fylkeskommune, kommunar og næringsliv i Telemark til eit fond for å utvikle universitetsfunksjonar i høgskolen. Strategien for dette arbeidet er under endring, og høgskolen vil gå aktivt ut i 2012 for å prøve å auke dei eksterne inntektene retta inn mot å utvikle høgskolens universitetsfunksjonar.

Styret har lagt vekt på å forvalte og disponere personalressursane og dei økonomiske ressursane effektivt og målretta slik at både KDs årlege resultatkrav blir oppfylde og at langsiktige strategiar og utviklingsliner blir følgde.

Styret sørgjer òg for at det er balanse mellom faglege og administrative ressursar ved å fastsetje stillingsrammer for dei ulike driftseiningane kvart år. Dette har vist seg å vere eit godt verkemiddel for strategisk og økonomisk styring.

Styret er godt nøgd med at HiT i 2011 ikkje har motteke vesentlege kritiske merknader frå Riksrevisjonen, men er kjent med og stør leiinga sitt vidare arbeid for at høgskolen fullt ut skal etterleve regelverk for BOA, for offentlege innkjøp, og for tidsregistrering og dokumentasjon ved utbetaling av overtidsgodtgjersle.

Kort oppsummert meiner styret at HiTs strategiar og faglege utvikling er i samsvar med dei måla som er fastsette av KD og Stortinget. Styret er òg godt nøgd med det interne samarbeidsklimaet i styret som kollegium og med resultatata av eige arbeid.

### **1.3 Om resultatrapport 2011 og årsplan 2012**

Rapport og planar (2011-2012), som med dette blir lagt fram, byggjer på retningsliner som er gjevne m.a. i KDs tildelingsbrev til HiT for 2011 og 2012 med tilhøyrande rapporteringskrav.

#### *Resultatrapport 2011*

Resultatrapporten for 2011 byggjer på HiTs årsplan for 2011 og på KDs rapporteringskrav. Når det gjeld resultatata HiT oppnådde i 2011, vil styret særleg framheve dette:

- Studentsøkninga var samla sett tilfredsstillande i 2011, og auka i høve til 2010. Talet på registrerte eigenfinansierte studentar per 01.10.2011 var 5 845. Det er ein auke på 362 studentar samanlikna med 01.10.2010. Styret finn dette særleg positivt.
- Den samla studiepoengproduksjonen auka med 151 60-studiepoengseiningar frå 2010 til 2011, og det ble totalt produsert 33 60-studiepoengseiningar meir enn fastsett måltal for 2011. Styret finn også dette særleg positivt. Studiepoengproduksjonen per student gjekk noko ned frå 49,2 i 2010 til 47,9 2011. Samla sett blir dette likevel vurdert som tilfredsstillande, m.a. sett i lys av at produksjonen var 44,9 i 2008 og 47,1 i 2009, og at det er høgare enn fastsett måltal på 47,5 for 2011.
- NOKUTs styre akkrediterte hausten 2010 nytt doktorgradsstudium i økologi. KD godkjende etablering av studiet, som starta opp hausten 2011. Dermed er HiT ein av berre to statlege høgskolar som har rett til å tildele doktorgrad på meir enn eitt område. Styret ser dette som eit uttrykk for HiTs faglege soliditet og kvalitet innan viktige satsingsområde, og for evna til å tenkje, satse og handle strategisk.
- Forskingsproduksjonen viste ein liten vekst frå 2010 til 2011 (frå 80,5 til 82,21 publikasjonspoeng). Styret meiner at det framleis er eit betringspotensial her når ein samanliknar HiT med andre institusjonar i UH-sektoren.
- Arbeidet med internasjonalisering i høgskolen er i god utvikling. Talet på utvekslingsstudentar (ut- og innreisande) auka frå 150 i 2010 til 178 i 2011. Styret er i all hovudsak nøgd med resultatata også på dette området, men meiner det er rom for vidare vekst og utvikling, spesielt knytte til utreisande studentar.
- Innan formidling og samarbeid med regionalt samfunns- og næringsliv er aktiviteten framleis stor, og engasjementet er breitt og omfattande. Styret registrerer at omfang og resultat av BOA i 2011 i all hovudsak er som for 2010. Styret meiner difor at potensialet framleis ikkje er utnytta i høg nok grad, og vil også i framtida ha stor merksemd retta mot dette området.

- Det økonomiske resultatet for 2011 var tilfredsstillende. Trass i at det blei sett i verk enkelte tiltak for å redusere det totale avsetjingsnivået i 2011, auka likevel avsetjingane noko frå 31.12.10 til 31.12.11. Det er sett i verk ytterlegare tiltak for at avsetjingsnivået skal bli redusert i 2012. Styret meiner at økonomistyringa i høgskolen er god og at økonomien samla sett er solid. Styret vil peike på at årsresultatet var positivt også i 2011.
- Styret er elles nøgd med at det blir lagt vekt på å sikre god intern kontroll i høgskolen. Det blir arbeidd aktivt med implementering av gode ordningar for risikovurdering, observerte manglar i økonomi- og personalforvaltninga blir tekne tak i, likestillingsarbeidet blir ført vidare, lærlingordninga blir nytta etter føremålet, arbeidet med etikk har stor merksemd og nye retningslinjer er vedtekne av styret i februar 2012, forvaltninga av bygningar og lokale er god, føringar på IKT-området blir følgde opp så langt råd er, og HMS-arbeidet er tilfredsstillende. I 2011 vart det også gjeninnført lokal verneombodsordning på studiestadene Porsgrunn, Bø og Notodden.

### *Årsplan 2012*

HiT vil ha ein stram budsjettsituasjon også i 2012. Strategiske satsingsområde som t.d. utvikling av universitetsfunksjonar bind i stor grad opp den totale økonomiske ramma høgskolen har disponibel. På bakgrunn av dette har det vore nødvendig for styret å prioritere bruken av tildelt løyving sterkt ved den interne budsjettfordelinga for 2012. Det vil bli arbeidd for å få auka ekstern finansiering i 2012.

Årsplanen for 2012 er utforma etter mal for målstrukturen for statlege høgskolar slik denne kjem til uttrykk i KDs tildelingsbrev av 21.12.11. Heile målstrukturen er dekt, inkludert verksemdsmål og eigendefinerte styringsparametrar fastsette av HiT. Under arbeidet med årsplanen har det òg blitt lagt vekt på oppnådde resultat for 2011 og HiT's eigne risikovurderingar. I planen er elles rammer og føresetnader som er spesifiserte i Prop. 1 S (2011-2012) lagde til grunn, saman med føringar i HiT's strategiske plan.

Det vil bli utarbeidd eigne delplanar/tiltaksplanar for HiT's fire fakultet og for fellestenestene.

## 2. Resultatrapportering for 2011

### Sektormål 1

***Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.***

#### ***Målområde for særleg vektlegging (for sektormålet samla)***

*Gjere greie for høgskolen sin strategi for utvikling av fagporteføljen og fagleg profil, herunder vise kva avvegingar som blir gjorde når det gjeld breidd versus djupn, omsynet til små og utsette fag, relevans m.v.*

HiT sette hausten 2007 ned ei utgreiingsgruppe for å gjennomgå studieporteføljen. Arbeidet viste seg å vere meir krevjande enn ein først trudde. Det skuldast at gjennomgangen av studieporteføljen med val av fagleg profil mellom anna hang nøye saman med arbeidet med strategisk plan for perioden 2010-2014 og med universitetsstatsinga. Styret behandla saka ved tre høve, og gjorde endeleg vedtak i juni 2010. Styret vidareførte i vedtaket hovudprinsippet om at HiTs fagprofil skal kjenneteiknast av to berande element. Det eine er dei fire (akkrediterte/planlagde) doktorgradsprogramma (prosess-, energi- og automatiseringsteknikk, kulturstudiar, økologi og helsefremjande arbeid) og studieprogramma som står opp om desse. Det andre er profesjonsutdanningar og andre yrkesretta utdanningar. I denne samanhengen bestemte styret òg at den vidare utviklinga av fagporteføljen skal medverke til å styrkje forskning og forskarutdanning gjennom master- og doktorgradsutdanning i dei store profesjonsutdanningane.

Styret bestemte vidare at det skal gjerast ein årleg gjennomgang av økonomien i studieporteføljen ved at kostnader og inntekter vert fordelte på det einskilde studieprogram, i hovudsak basert på den økonomiske modellen som blei nytta i gjennomgangen av studieporteføljen. Dette vart ikkje gjennomført i 2011 på grunn av arbeidspresset m.a. med HiT/UiA-utgreiinga, gjennomføring av interne organisasjonsendringar og skifte av leiarar. Høgskolen tar sikte på at det skal gjerast ein gjennomgang av økonomien i studieporteføljen i 2012.

*Vurdering av internt kvalitetssikringssystem, og gjere greie for korleis dette blir nytta strategisk og utvikla vidare.*

Strategiar for kvalitetssikringssystemet og arbeidet med studiekvalitet, inkludert strategiar for ressursforvaltning, er omtala i Strategisk plan for HiT for perioden 2010-2014. Årsrapport om kvalitetsarbeidet blir kvar haust lagd fram for styret slik at det kan ta omsyn til aktuelle tiltak ved budsjettfordelinga. Ved å vidareutvikle systemet for evaluering og rapportering, medrekna å betre innhenting og analyse av informasjon, vil systemet i endå sterkare grad kunne nyttast i det strategiske arbeidet. I samband med oppfølging av rapporten frå NOKUT av 14.10.09 vil dette vere eit viktig tiltak.

*Gjere greie for korleis NOKUTs avslutta evalueringar, revideringar og akkrediteringar blir følgde opp og korleis kvalitetssikringssystemet er forankra i fagmiljøa.*

NOKUTs evalueringar, revideringar og akkrediteringar blir systematisk følgde opp på ulike måtar. Nasjonale evalueringar og revisjonar blir følgde opp med konkrete handlingsplanar i tråd med merknadene frå NOKUT og oppfølgingskrava frå KD. Det blir teke omsyn til merknader knytte til akkrediteringar av nye studium. Planane blir seinare følgde opp i samband med det årlege arbeidet med kvalitetsrapporten.

HiT sitt system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda blei evaluert i andre syklus av NOKUT våren 2009, og godkjent av NOKUT sitt styre 17.12.09. NOKUT sin rapport av 14.10.09 om evalueringa syner at kvalitetssikringssystemet stort sett er godt forankra i heile organisasjonen. Evalueringskomitéen si viktigaste tilråding på dette området er å styrkje engasjement og utvikling av ein felles kvalitetskultur på tvers av fakulteta, medrekna oppretting av studienemnd/utdanningsutval på institusjonsnivå. Høgskolen fastsette våren 2010 oppfølgingsplan for evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved HiT i tråd med evalueringskomitéen sine tilrådingar.

Vidare vart det i samsvar med oppfølgingsplanen oppnemnt eit rådgjevande utdanningsutval ved HiT våren 2010. I 2011 har Utdanningsutvalet mellom anna fungert som koordineringsorgan for arbeidet med implementering av det nasjonale kvalitetsrammeverket. Utdanningsutvalet vil nøye følgje implementeringsarbeidet fram mot frist for fullført implementering 31.12.2012.

Hausten 2010 blei det også etablert ei arbeidsgruppe til å gjennomgå rutinane for evaluering ved HiT. Utdanningsutvalet har i prosessen følgt saken og gitt råd til leiinga.

Når det gjeld oppfølging av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanninga og førskolelærerutdanninga viser høgskolen til vedlagte oppfølgingsplanar.

*Grei ut om strategi for arbeidet med internasjonalisering og korleis dette medverkar til utviklinga av den faglege verksemda og kvaliteten i utdanningane.*

I HiT sin strategiske plan for 2010 – 2014 er internasjonalisering omtala på følgjande måte:

”HiT skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningsamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.”

Følgjande strategiar er vedtekne:

- På alle gradsprogram skal det etablerast tilbod om studentutveksling med tilrådde fagpakker hjå utvalde partnerar, særleg for å auke talet på utreisande studentar frå HiT.
- Talet på gradsprogram som har emne som blir underviste på engelsk, skal auke.
- Ved prioriteringa av ressursar skal det leggjast vekt på område og tiltak som koplur utdanning, forskning og studentutveksling.
- HiT skal prioritere samarbeid med institusjonar med høgt fagleg nivå.
- HiT skal òg samarbeide med utanlandske institusjonar ut frå eit bistanbsperspektiv med sikte på å bidra til å byggje opp kompetanse i utdanning og forskning hjå partnerane.

Førebels i denne planperioden har det særleg vore fokus på tilrettelegging for utveksling i studieprogramma. I samband med arbeidet med innføring av kvalifikasjonsrammeverket og revisjon av studie- og fagplanar som følgje av dette arbeidet, er det sett krav i retningslinene for studie- og fagplanar om at det skal gå fram i kva semester ein kan dra på utveksling, kva partnerar som kan vere aktuelle og kva emne eller emnepakker som kan vere aktuelle. Det skal gjere det lettare for studentane å få til eit opphald i utlandet og sikre det faglege utbytet av utvekslinga.

Emne som blir underviste på engelsk integrert i eit ordinært gradsprogram gjer det enklare å trekkje utanlandske utvekslingsstudentar inn i ordinær undervisning saman med norske studentar, opnar for bruk av utanlandsk litteratur, fagkunne og gjesteforelesarar og gjer det meir relevant å trekke inn internasjonale/globale problemstillingar i undervisninga. Samtidig får eigne studentar trening i å nytte engelsk fagterminologi og engelsk som arbeidsspråk.

Det er elles mange eksempel på ulike internasjonale aktivitetar som er med på å styrkje kvaliteten i utdanningane, så som faglege samlingar i nordiske eller europeiske nettverk der studentar og fagpersonale er med innanfor fleire fagområde (intensive program, felles emne o.a.), internasjonale prosjekt der studentar arbeider saman med studentar frå andre land, praksisopphald i utlandet eller seminar/workshops der studentar får vere med.



*Gjere greie for arbeidet med universell utforming og auka tilgjengelegheit for studentar med nedsett funksjonsevne.*

Styret fastsette i desember 2008 ein handlingsplan for perioden 2009-2014 for studentar med nedsett funksjonsevne. Høgskolen har etablert ei gruppe med kontaktpersonar for desse studentane. Grappa skal mellom anna sjå på universelle løysingar på tvers i organisasjonen. Statsbygg hadde ein gjennomgang av bygningsmassa i 2010. På bakgrunn av rapporten frå Statsbygg har det blitt utarbeidd ein handlingsplan for studiestad HiT-Bø. For dei andre studiestadene (Porsgrunn og Notodden) vil det bli arbeidd ut handlingsplanar i 2012. Det er likevel utført fleire tiltak også ved desse studiestadene i 2011. Dei største utfordringane er å få etablert universelle løysingar og dermed redusere behovet for individuell tilpassing.

*Gjere greie for arbeidet med læringsmiljø, herunder samarbeidet mellom læringsmiljøutvalet og styret, og korleis dette byggjer opp under sektormål 1.*

Læringsmiljøutvalet (LMU) legg kvar haust fram årsrapport om læringsmiljøet for styret, slik at det kan ta omsyn til aktuelle tiltak ved budsjettfordelinga. Ved å vidareutvikle system for evaluering av infrastruktur og læringsmiljø, medrekna å betre innhenting og analyse av informasjon, vil systemet i endå sterkare grad kunne nyttast i det strategiske arbeidet. I samband med oppfølging av rapporten frå NOKUT av 14.10.09, vil dette vere eit viktig tiltak.

LMU gjekk gjennom høgskolens system for helse, miljø og sikkerheit (HMS) for å få eit oversyn over korleis HMS blir teke vare på for studentane. På bakgrunn av dette kom LMU med fleire tilrådingar. I etterkant av arbeidet blei LMU invitert til eit møte i HiT's arbeidsmiljøutval for å presentere funna sine. Hausten 2011 blei det starta eit arbeid med å gjennomgå høgskolens system for HMS, der også studentane blir tekne omsyn til.

I 2011 blei det etablert eit servicetorg ved studiestad Porsgrunn. Dette sto ferdig til studiestart. Det er planlagt ei brukarundersøking våren 2012 som ledd i eit kontinuerlig forbetningsarbeid.

*Gjere greie for arbeidet med utdanningsleiing på alle nivå for å sikre kvalitet i utdanninga.*

Etter å ha innført einskapleg leiing på institutt- og fakultetsnivå frå 2003, har HiT frå august 2011 også innført tilsvarande leiingsprinsipp på institusjonsnivået, med tilsett rektor med både fagleg og administrativt ansvar. I tillegg blei leiinga på institusjonsnivået styrkt ved at det blei oppretta nye viserektorstillingar for utdanning og forskning.

HiT meiner at innføring einskapleg leiing på institutt-, fakultets- og institusjonsnivå vil medverke til å styrkje utdanningsleiinga i høgskolen, m.a. ved at ansvar og mynde følgjer ei line i organisasjonen. Etablering av ei eiga stilling som viserektor for utdanning (med både fagleg og administrativt ansvar) vil på same måte styrkje utdanningsleiinga.

HiT skipa i mai 2011 eit eige utdanningsutval. Utvalet skal vere eit strategisk, samordnande og rådgjevande organ for styret og leiinga i saker som gjeld fagprofil og kvalitet i utdanninga.

Det kan i denne samanhengen også nemnast at den administrative leiinga/koordineringa av utdanningsverksemda m.a. er styrkt gjennom oppretting/formalisering av ei rad administrative faggrupper på tvers av fakultetsgrensene (studie- og fagplangruppe, Frontergruppe, eksamensgruppe, gruppe for universell utforming, rekrutteringsgruppe, FS-gruppe, rom- og timeplangruppe og opptaksgruppe). Gruppene får mandat frå og skal rapportere til viserektor for utdanning.

### Verksemdsmål 1.0 (eigendefinert)

*Høgskolen i Telemark (HiT) har universitetsetablering, eventuelt vidareutvikling av universitetsfunksjonane i Telemark, som mål, og skal realisere det gjennom samanslåing eller utvida forpliktande samarbeid med andre institusjonar.*

#### *Eigendefinerte styringsparameter:*

- a) Mottekne førebels signal frå kommunane i Telemark om støtte til finansiering av universitetssatsinga skal analyserast vidare i samarbeid med eksterne interessentar.
- b) Det skal avklarast om det er aktuelt med meir forpliktande samarbeid eller fusjon med Universitetet i Agder.
- c) HiT skal setje i gang doktorgradsstudium i økologi.
- d) HiT skal få akkreditert doktorgradsstudium i kulturstudiar.
- e) HiT skal sende søknad om akkreditering av doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid.
- f) HiT skal setje i gang mastergradsstudium i pedagogikk med vekt på didaktikk og leing.
- g) Det skal setjast av interne strategiske satsingsmidlar til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia, i takt med ekstern finansiering.

#### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

Styret for HiT har over lang tid hatt som ambisjon at høgskoleverksemda skal utviklast til universitetsnivå. I starten var ambisjonen å utvikle eit eige universitet i Telemark. Det blir stilt særst omfattande - og aukande - faglege krav til høgskolar som ønskjer å bli vurderte for rekategorisering som universitet. Det har difor vore ein føresetnad heile tida at det må hentast inn betydeleg ekstern finansiell støtte for å finansiere den faglege nivåhevinga som trengst for å nå målet om å bli universitet.

Styret meinte at HiT ikkje har den naudsynte faglege og økonomiske berekrafta til å realisere universitetsambisjonen åleine. Høgskolen har innan utgangen av 2011 ikkje fått inn ekstern finansiell støtte for å finansiere den faglege nivåhevinga som trengst for å nå målet om å bli universitet. Dette arbeidet er nå revitalisert, og det er sett i gang eit målretta og systematisk arbeid frå høgskolens leing for å få støtte til finansiering av universitetssatsinga i 2012.

Utviklinga i institusjonsstrukturen i sektoren, særleg i dei siste åra, går i sterkare grad enn tidlegare i retning av fagleg og finansiell konsentrasjon gjennom samarbeid og/eller fusjon mellom institusjonar. Slik konsentrasjon vil kunne skape meir robuste fagmiljø, som mellom anna kan bidra med innovasjon og kompetansebasert verdiskaping til nytte for regionalt samfunns- og næringsliv.

HiT har som nemnt gått bort frå ambisjonen om eit eige universitet i Telemark. I staden har HiT og UiA i 2011 gjennomført ei felles utgreiing om utvida samarbeid eller fusjon mellom dei to institusjonane. Dei to styra vedtok i september 2011 å opprette eit felles 3-årig prosjekt. Samansetjing og mandat for prosjektstyret er nemnt nedanfor

### *Korte kommentarer til kvar styringsparameter*

a) *Eigendefinert: Mottekne førebels signal frå kommunane i Telemark om støtte til finansiering av universitetssatsinga skal analyserast vidare i samarbeid med eksterne interessentar.*

HiT har så langt ikkje lukkast med å få på plass økonomisk støtte til finansiering av universitetssatsinga korkje frå kommunar, fylkeskommune eller næringsliv. Det er sett i gang eit målretta og systematisk arbeid frå høgskoleleiinga for å få støtte til finansiering av universitetssatsinga i 2012. Dette kan t.d. vere midlar til gåveprofessorat, professor II-stillingar, stipendiatar, eit eige fond, eller ein kombinasjon av desse. Høgskolen har såleis gått frå ein meir einsidig strategi med sikte på å byggje opp eit fond til ein meir nyansert strategi for å få ekstern støtte.

b) *Eigendefinert: Det skal avklarast om det er aktuelt med meir forpliktande samarbeid eller fusjon med Universitetet i Agder*

Prosess mellom HiT og UiA om eventuell fusjon eller utvida samarbeid går vidare, og styret er svært nøgd med den utgreiingsprosessen som vart gjennomført mellom høgskolen og UiA i 2011. Rapporten "Ett av to? Kartlegging av muligheter for en fusjon eller utvidet samarbeid mellom Høgskolen i Telemark og Universitetet i Agder" vart grunnlag for styrevedtak ved begge institusjonane i juni og september. Styra vedtok i september å opprette eit felles prosjektstyre samansett slik:

- 3 medlemmer frå kvart styre: styreleiar, studentmedlem, ekstern representant frå UiA, representant for tilsette frå HiT.
- 3 ikkje-medlemmer av styra: styresekretærene (universitetsdirektør ved UiA, rektor ved HiT) og viserektorane.
- ein felles tenestemannsrepresentant frå kvar institusjon med tale- og forslagsrett.

Prosjektstyret fekk slikt mandat:

*"Prosjektstyret gis ansvar for å utvikle og realisere konkrete fellestiltak av faglig og administrativ karakter mellom HiT og UiA og å utrede grunnlaget for en eventuell fusjon eller et utvidet samarbeid mellom de to institusjonene. Det skal særlig legges vekt på prosjekter som bidrar til å videreutvikle universitetsfunksjonene både i Agder og Telemark, styrke og utvikle profesjonsutdanningene ved de to institusjonene og understøtte begge institusjoners konkurransekraft."*

Prosjektstyret hadde sitt første møte i desember 2011. Det vil bli arbeidd vidare i 2012, m.a. med å etablere felles prosjekt både innanfor faglege og administrative område. Prosjektet er meint å vare i tre år.

c) *Eigendefinert: HiT skal setje i gang doktorgradsstudium i økologi.*

Doktorgradsstudium i økologi blei starta opp hausten 2011 i samsvar med plan.

d) *Eigendefinert: HiT skal få akkreditert doktorgradsstudium i kulturstudiar.*

Doktorgradsstudium i kulturstudiar er til vurdering for akkreditering i NOKUT.

e) *Eigendefinert: HiT skal sende søknad om akkreditering av doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid.*

Arbeidet med å utvikle eit fjerde doktorgradsstudium, i helsefremjande arbeid, er førebels stoppa, m.a. som følgje av samarbeidsprosjektet med UiA.

f) *Eigendefinert: HiT skal setje i gang mastergradsstudium i pedagogikk med vekt på didaktikk og leiing.*

Mastergradsstudium i pedagogikk med vekt på didaktikk og leiing er sett i gang frå og med studieåret 2011/2012.

g) *Eigendefinert: Det skal setjast av interne strategiske satsingsmidlar til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia, i takt med ekstern finansiering.*

HiT har ikkje fått på plass auka ekstern finansiering til vidare utvikling av universitetsfunksjonar i 2011. Men det er sett av interne strategiske satsingsmidlar både i 2011 og i 2012 til å finansiere dei master- og doktorgradsstudia som er starta opp.

### Verksemdsmål 1.1

*HiT skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.*

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
Kvalifiserte førstevalssøklarar per studie plass i Samordna opptak. Frå So 46	0,96	1,07	0,95	-
<b>Styringsparametrar fastsette av høgskolen</b>				
Førstevalssøklarar i Samordna opptak Frå So 46	2 316	2 408	2 576	2 650
Studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	4 947	5 048	5 368	5 600

### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

Som det går fram av tabellen over, har HiT oppfylt, eller nesten oppfylt, dei aktuelle resultatmåla. Spesielt talet på førstevalssøklarar har hatt ei god utvikling, sjølv om det er ein del variasjonar mellom fagområda. Utviklinga dei siste åra har vist ein nedgang i søkjartalet i aldersgruppa 19-25 år. I år har denne trenden snudd, og det er i denne aldersgruppa at høgskolen har størst auke i tal på førstevalssøklarar. Samla sett meiner HiT at verksemdsmålet i all hovudsak er nådd.

Utfordringa er å halde fram med å framheve det gode studietilbodet og samstundes bli flinkare til å formidle føremonene med å leve og studere utanom dei større byane.

### *Korte kommentarar til kvar styringsparameter*

a) *Talet på førstevalssøklarar per studie plass skal vere minst 1,06.*

Talet på førstevalssøklarar har auka, men det har talet på studie plassar også, med 183 plassar i 2011. Det var ei definisjonsendring i 2011 frå talet primærsøklarar til talet på kvalifiserte primærsøklarar i Samordna opptak (SO). HiT hadde i 2011 ein nedgang i talet på kvalifiserte primærsøklarar i SO, men 2010 ser ut til å ha hatt eit spesielt høgt nivå. Målet på 1,06 blei ikkje fullt ut nådd.

Auken i talet på førstevalssøklarar totalt sett var likevel stor nok til at dette høvetalet auka frå 1,3 til 1,38, og målet om 1,4 førstevalssøklarar totalt sett er dermed nesten oppfylt.

b) *Eigendefinert: Førstevalssøklarar i Samordna opptak skal vere minst 2 540.*

Søkinga på landsbasis til høgare utdanning gjennom SO gjekk opp frå 103 404 i 2010 til 108 605 i 2011. HiT sin del av primærsøklarane auka frå 2408 i 2010 til 2576 i 2011, og HiT styrkte dermed sin marknadsdel frå 2,33 til 2,37. 44,7 % av førstevalssøklarane til HiT kjem frå Telemark. Talet på søklarar frå Vestfold og Buskerud ligg på høvesvis 11,2 % og 9 %, medan 2 % av søklarane med HiT som førsteval kjem frå Agder.

Det er nett-/samlingsbaserte studium som aukar mest, men også studium i Bø har hatt ein gledeleg auke i talet på søkjarar.

c) *Eigendefinert: Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal auke frå 5 048 til 5 370.*

Talet på eigenfinansierte studentar hadde ein kraftig auke i 2010. Denne heldt fram i 2011 med 5 368 studentar, og inneber ein auke på 6,7 % frå 2010. Talet på heiltidsekvivalentar har auka jamt dei siste fire åra. Alle fakulteta hadde vekst i talet på registrerte studentar, medan AF auka mest.

### Verksemdsmål 1.2

*HiT skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.*

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år	47,1	49,2	47,9	47,9
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	17,8	18,4	18,7	18,7
Gjennomføring på normert tid	0,88	0,86	0,88	0,88
<b>Styringsparametrar fastsette av høgskolen</b>				
Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar	4 038	4 136	4 287	4 435
Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar	108	119	123	130
Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar	686	760	864	900
Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på utvalde område				
• sjukepleie	92	108	106	105
• vernepleie	67	31	49	35
• allmennlærer	69	72	41	40
• førskolelærer	150	127	158	150
• ingeniør	112	132	149	160

### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

Dette verksemdsmålet blei i all hovudsak nådd i 2011. Ei viktig utfordring for 2012 er likevel å betre gjennomstrøyminga. Det blir arbeidd med ulike tiltak ved fakulteta for å redusere fråfallet og auke studiepoengsproduksjonen. HiT starta hausten 2010 ein gjennomgang av alle studieprogramma i samband med implementering av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. I dette arbeidet blir også undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming vurdert.

### *Korte kommentarar til kvar styringsparameter*

*a) Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år skal vere minst 47,5.*

HiT hadde ein nedgang i studiepoengproduksjonen per student frå 2010 til 2011, frå 49,2 til 47,9, men resultatmålet for 2011 blei likevel nådd.

*b) Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere 19,0.*

Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling blei 18,7 og resultatmålet ble nesten nådd.

*c) Gjennomføring på normert tid skal vere minst 0,90.*

Resultatet på 0,88 er litt under ambisjonsnivået for 2011.

*d) Eigendefinert: Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 244.*

Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar blei 4 287 i 2011, ein auke på 151 (3,65 %) samanlikna med 2010. Resultatmålet på 4 244 blei såleis også nådd. Hovudgrunnane til auken er generelt god gjennomstrøyming og auka opptak av studentar.

*e) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte mastergradsstudentar skal vere minst 130.*

123 mastergradsstudentar fullførte i 2011, og det er noko lågare enn resultatmålet. Generelt sett bruker mastergradsstudentane noko meir tid enn planlagt.

*f) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 800.*

864 bachelorgradskandidatar fullførte i 2011 og resultatmålet ble dermed nådd med god margin. Fleire program har hatt god vekst, m.a. bachelorgradsstudium i økonomi- og administrasjon og fleire bachelorgradsstudium innan ingeniørutdanningane.

*g) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (110), vernepleiarutdanning (50), allmennlærerutdanning (50), førskolelærerutdanning (150) og ingeniørutdanning (150).*

Resultatmåla for uteksaminerte kandidatar blei oppfylte for allmennlærerutdanninga, førskolelærerutdanninga og langt på veg oppfylte for vernepleieutdanninga og ingeniørutdanninga, medan sjukepleiarutdanninga nesten nådde målet. Nedgangen i talet på kandidatar samanlikna med 2010 skuldast eit mindre avgangskull i 2011.

### Verksemdsmål 1.3

*HiT skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.*

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande)	132	150	178	200
Talet på framandspråklege utdanningstilbod	40	40	39	-
Studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgradar)	-	-	-	-

Styringsparametrar fastsette av høgskolen				
Tilsette som blir utveksla via programavtalar	129	7	1	10
Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng	895	750	830	900

#### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

HiT meiner at verksemdsmålet er rimeleg godt oppfylt for 2011.

Det er framleis for få utreisande utvekslingsstudentar (jamvel om det er ei positiv utvikling). HiT er førebels ikkje med i felles internasjonale gradsprogram, og førebels er talet på personalutvekslingar (på 1 måned eller meir) lågt.

Med desse atterhalda er høgskolen nøgd med utviklinga i dei seinare åra, der fleire og fleire av fagmiljøa er involverte i internasjonalt samarbeid av ulikt slag. Aktivitetane er mange og viser stor breidd. Medan nokre miljø og utdanningar konsentrerer seg om arbeid i nettverk (som intensive program og ulike andre tiltak i regi av formaliserte nettverk), er andre miljø involverte i store, fleirårige prosjekt med mål å bidra til å utvikle utdanningsprogram i ulike land som Sri Lanka, Ukraina, Georgia, Kirgisistan og Malawi.

HiT har rapportert omfattande om internasjonaliseringsverksemda dei seinare åra, og ein kan seie at aktiviteten i 2011 ligg på om lag same nivå som for 2010.

Omtala av dette feltet er i år korta ned av praktiske og ressursmessige grunnar, og avgrensa til kommentarar til dei fastsette styringsparametrane. Dette heng saman med at høgskolen nå er i ein fase der ein arbeider med ny målstruktur og operasjonisering/rullering av strategisk plan for 2010 – 2014, og der det er fatta vedtak om å leggje fram ei eiga melding til styret om internasjonalisering i 2012. Det store arbeidet med å hente inn data frå fakulteta for å utarbeide meir omfattande rapportering, vil difor bli gjort i samanhang med forarbeidet til denne meldinga.

Alle fakulteta ved HiT arbeider godt med å utvide det internasjonale samarbeidet, jamvel om det framleis er miljø som kunne ha vore meir aktive. Utviklinga er positiv. Leiinga på institusjons- og avdelingsnivå legg vekt på internasjonalisering som eit viktig kvalitativt aspekt ved verksemda, og eit viktig element i konkurransen om både studentar og fagpersonar.

Høgskolen har eit godt utbygd internasjonalt nettverk, og arbeider aktivt for å kople saman ulike fagområde i høgskolen når det gjeld internasjonalisering og for å introdusere nye fagmiljø til etablerte avtalepartnerar. Kina-samarbeidet femner nå om aktivitetar ved TF og EFL. Lærarutdanning, natur- og miljøvern fag og teknologiske fag satsar felles på eit samarbeid med University of Pune, India. HiT er med i ei rad Nordplus- og Erasmusaktivitetar, har fleire større prosjekt innanfor utdanning med stønad gjennom SIU (NOMA og Eurasia-programma), og har etablert samarbeid med partnerar i dei fleste av dei geografiske områda som har vore prioriterte dei siste åra (mellom anna Kina, India, USA, Canada, Sør-Afrika og EU-området).

#### *Korte kommentarar til kvar styringsparameter*

a) *Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande) skal vere minst 175, av dei 55 utreisande.*

Studentutvekslinga totalt (ut + inn) auka monaleg frå 2009 til 2010, og auka ytterlegare i 2011 til 178. Høgskolen er nøgd med at det samla målet på 175 utvekslingsstudentar (ut + inn) nå er nådd. Det er særleg positivt at auken har vore størst i talet på utreisande studentar, der HiT har hatt problem med å nå eit akseptabelt nivå. Medan talet på utreisande studentar var 29 i 2009 og 23 i 2010, var talet i 2011 41.

Høgskolen ventar at talet vil auke ytterlegare i åra framover, av di det nå vert gjort eit omfattande arbeid, i samband med tilpassing til nye rammeplanar, med å leggje betre til rette for opphald i utlandet på dei store profesjonsutdanningane som sjukepleie, lærarutdanning og ingeniørutdanning.

Betre tilvisingar i fag- og studieplanar, betre informasjon og meir fokus på dei strategiske sidene ved internasjonalisering generelt er nokre av grunnane som blir gjevne frå dei miljøa der det har vore positive endringar. Alle fakulteta rapporterer at informasjon om moglegheitene for utveksling har vore retta meir spesifikt mot enkelte institutt og/eller fagmiljø. Men høgskolen er ikkje nøgde med at tala framleis er låge totalt sett.

Eitt av dei miljøa som har lukkast best med å sende studentar ut på utveksling i tre månader eller meir, er Institutt for folkekultur i Rauland. Trass i at studentgruppa er lita, har ein der makta å skape god interesse for internasjonalisering med eit utstrekkt og aktivt kontaktnett, og mange lærarutvekslingar. Mellom anna skipar ein til ein årleg internasjonal vinterfestival med seminar, konsertar og andre møteplassar der studentane i Rauland møter lærarar, kunstnarar og medstudentar frå mange land i eit spanande program.

Særleg profesjonsutdanningane har hatt problem med å leggje til rette for opphald ute i 3 månadar eller meir. Men fleire av desse utdanningane har gode opplegg for kortare opphald i utlandet, til dømes som praksisopphald eller som tilbod om deltaking i nettverksamlingar, intensive program og liknande. Det er meldt om i alt 74 studentar som har hatt kortare utanlandsopphald i 2011. Diverre er ikkje alle desse rapporterte i DBH-systemet, då det ikkje var kjent i vårsemesteret at dei kortare opphalda skulle med i statistikken til DBH. Det er mellom anna meldt om følgjande: 20 førskolelærarstudentar til India og Kina, 12 lærarstudentar til Island, Grønland og Italia, 24 folkemusikkstudentar til Irland, Slovakia og Sverige, 15 sosialarbeidarstudentar og sjukepleiestudentar til i kortare praksis i fleire land, 2 teknologistudentar til Danmark og fleire studentar frå økonomisk-administrative fag til ei europeisk samling.

HiT vil syte for at alle slike opphald blir registrerte fortløpande og rapporterte for 2012.

HiT er nøgd med utviklinga i studentutveksling i dei seinaste åra, men ikkje med resultatene i når det gjeld talet på studentar totalt. Høgskolen vil difor halde fram arbeidet med betre rettleiing og andre tiltak for å auke talet på utreisande studentar for 3 månadar eller meir.

*b) Talet på framandspråklege utdanningstilbod (definert som talet på emne på 10 studiepoeng eller meir) skal vere minst 45.*

Talet på enkeltemne på 10 studiepoeng eller meir som blei underviste på engelsk i 2011, er noko lågare enn venta (39, mot venta 45). Doktorgradsemne er ikkje rekna med. Avviket skuldast at nokre emne som var planlagde, ikkje blei gjennomførte (til dømes av di det ikkje melde seg nok studentar).

Ingeniørutdanningane og sjukepleieutdanninga melder at dei har godkjend nye emne på engelsk som vil bli underviste i 2012. Høgskolen oppmuntrar til å integrere emne på engelsk i ordinære studieprogram for å skape gode møte mellom norske og utanlandske studentar, og gje rom for internasjonal fagkunnskap i utdanningane.

*c) Talet på studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgradar/Joint Degrees) (ikkje resultatmål).*

HiT er framleis ikkje med i nokon felles internasjonalt grad slik ein forstår definisjonen frå DBH.

HiT er elles framleis med i ein multipel (seksdobbel) nordisk bachelorgrad i marknadsføring (AF) og i eit nordisk samarbeid om ei eittårig fordjuping innan friluftsliv (AF), der studentane tar 15 studiepoeng hjå kvar partner, og der dei som gjennomfører studiet, kan søkje seg vidare til eit mastergradsstudium ved ein av partnerinstitusjonane. Studiet er nett- og samlingsbasert.



Det er i gang eit arbeid ved AF saman med europeiske partnerar for å få til ein felles mastergrad innafør området vasskvalitet. Eit første utkast til avtale er for tida under utarbeiding. Ein reknar med å starte opp hausten 2012. EFL er framleis med i eit europeisk nettverk som (på nytt) søker EU-finansiering for en felles grad i kroppøving.

Både AF og TF arbeider aktivt for å få til gode internasjonale samarbeid om forskarutdanning.

HS samarbeider med to utvalde europeiske partnerar om ein felles modul i "Transcultural Nursing", som etter planen vil bli starta opp i 2012.

*d) Eigendefinert: Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar (opphald på minimum ein månad) skal vere minst 13.*

Berre ein person har vore ute på eit fagleg opphald av tilrekkeleg lengd til å bli rapportert i statistikken – ein professor med som har vore 6 månader hjå ein partner i Spania.

Høgskolen har ikkje faste ordningar for fagleg oppdatering eller forskingsfri, og heller ikkje særskilde stipendordningar. Det er difor vanskeleg å få til lengre opphald i utlandet.

Av rapporteringa frå fakulteta går det fram at totalt 71 tilsette har vore på kortare faglege opphald i utlandet (minimum ei veke med fagleg program), og 79 personar har hatt opphald ved HiT på same grunnlag. Dette syner at tilsette ved HiT er aktive i internasjonalt samarbeid og at høgskolen har eit stort og aktivt internasjonalt nettverk. Talet på utvekslingar som har vært gjennomførte med Erasmusstipend har auka frå 2010 til 2011. Høgskolen har nytta sentrale midlar som ekstra stimulering til fakulteta for å auke utveksling med Erasmus-partnarar.

*e) Eigendefinert: Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 900.*

Totalt omfang på utdanningstilbod som blir underviste på engelsk blei 830 i 2011, noko lågare enn ein hadde venta. Ein hadde rekna med at nokre fleire gradsprogram ville gå over frå norsk til engelsk som undervisningsspråk, men avgjerda har blitt utsett.

HiT har eit godt tilbod av kortare (eitt og to semester) studieprogram innan ulike fagområde med undervisning på engelsk. I 2011 hadde HiT åtte ulike program av denne typen innanfor økologi/miljøforvaltning, økoturisme, økonomisk-administrative fag, friluftsliv, kroppøving, folkemusikk og forming. I tillegg blir tre mastergradar i teknologi underviste på engelsk, og det ligg føre planar om å undervise mastergraden i natur- og miljøvern på engelsk. Og doktorgradane i teknologi og økologi blir underviste/retteleia på engelsk.

## Sektormål 2

***Universitet og høgscolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.***

### ***Målområde for særleg vektlegging (for sektormålet samla)***

*Gje ein analyse av strategien for arbeidet med internasjonalisering i forskinga og utviklingsarbeidet, og korleis dette medverkar til å heve kvaliteten i forskarutdanninga og forskingsverksemda.*

Arbeidet på dette feltet er vidareført frå 2010 til 2011 utan dei større endringane.

Det konkrete arbeidet med internasjonalisering ligg på fakultets- og instituttnivå. Sentralt skal høgskolen leggje til rette for at internasjonalisering av forskning og utvikling skal bli lettare. Internasjonaliseringa skjer kring to liner – dei offisielle samarbeidsavtalane og forskarane sine personlege nettverk.

HiT opplever internasjonalt samarbeid slik at det vitaliserer, utfordrar og etablerer ein ressurs det er lett å spele på når det gjeld utlysingar og søknadspotensial.

Det blir arbeidd systematisk med å etablere gode kontaktar og gode prosjekt innanfor fagmiljøa. Det er ein bevisst strategi å samarbeide med større universitet som har sterke fagmiljø som kan styrkje vår forskingsaktivitet.

Forskingssamarbeid med utanlandske institusjonar medverkar til å heve nivået på våre program, og HiT har også rekruttert utanlandske tilsette for å gjere seg nytte av kompetansen deira.

Innanfor helse- og sosialfag er det til dømes i gang eit viktig strategisk samarbeidsprosjekt mellom fagmiljø ved HiT og i Kina og Taiwan. Resultat frå prosjektet blir brukte i undervisninga. Fakultet for teknologiske fag samarbeider samstundes med Harbin Institute of Technology og Huazhong University of Science and Technology i Kina, og Kiev Polytechnical Institute i Ukraina.

I tillegg kan ein sjå resultat av forskaranes personlege nettverk mellom anna i sampublikasjonar i internasjonale tidsskrift.

### ***Vurdering av arbeidet med å utvikle og konsentrere FoU-innsatsen og utvikle fagmiljø av høg kvalitet.***

Det ligg i HiTs strategi å konsentrere forskingsverksemda om dei to berande elementa i fagprofilen. Arbeidet er vidareført på fakultetsnivå, slik at alle fakulteta må prioritere og spisse den faglege satsinga. FoU-verksemda skal i større grad enn tidlegare vere konsentrert om tema som byggjer opp om master- og doktorgradsutdanningane.

Fakulteta står framfor ulike utfordringar og har ulike løysingar på desse.

Fleire melder om at det er oppretta faglege fora, forskingsklyngjer, forskargrupper og liknande for å styrkje og utvide det faglege nettverket og rette forskinga i same retning.

Det er òg skjedd ei dreining i forskinga på enkelte felt som eit resultat av tverrfagleg samarbeid. Det gjeld spesielt innan "sustainable energy technologies" der tverrfagleg kompetanse innan prosess teknologi, reguleringsteknikk, modellering og simulering, instrumentering og måleteknikk går inn i forskinga.

*Vurdering av tiltak for å auke gjennomstrøyminga i forskarutdanninga og status for rekruttering på ulike fagområde.*

Høgskolens eigne doktorgradsprogram innan Prosess- energi og automatiseringsteknikk og Økologi er førebels for nye til at progresjonen kan kommenterast. Progresjonen til høgskolens stipendiatar som er tekne opp på doktorgradsprogram ved andre institusjonar, vil bli kommentert.

Tilsette som tek forskarutdanning, brukar ofte lengre tid enn normert på dette.

Fakulteta melder om tettare oppfølging av den enkelte stipendiaten. Oppretting av fleire faggrupper vil venteleg også gjere det lettare for stipendiatane å fullføre studia innanfor normert tid.

Fleire fagmiljø arbeider med sikte på å opprette forskarskolar i samarbeid med andre institusjonar. Det vil gje større fagmiljø, faste samlingar og tettare oppfølging, og dermed vonleg raskare progresjon.

*Vurdering av høgskolen sitt arbeid mot og utteljing i regionale forskingsfond.*

HiT ser gjerne at deltakinga hadde vore høgare. Regionale forskingsfond har vore tema på møte i FoU-utvalet, fagmiljø har blitt direkte oppmoda om å søkje og faglig leiing ved høgskolen har blitt tipsa om aktuelle fagområde og søknadsfristar. Det har likevel vore få søkjarar frå høgskolen i 2011.

Eit prosjekt fikk tildelt midlar i søknadsrunden med frist 13. oktober 2010. Det var "Distributed production of biogas with transport to centralized upgrading", som fekk 2,4 mill. kroner.

Høgskolen hadde ingen søknadar med i søknadsrunden med frist 12. oktober 2011.

Ei utfordring er balansen mellom innsats og utteljing. Det skal ganske mykje til for å få på plass eit prosjekt, samstundes som det er relativt lite å hente på slik satsing reint økonomisk.

### Verksemdsmål 2.1

*HiT skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å stette behova i sektoren og samfunnet elles.*

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling*	-	-	-	-
Prosentdelt uteksaminerte doktorgradskandidatar av opptekne personar på doktorgradsprogram seks år tidlegare*	-	-	-	-
<b>Styringsparametrar fastsette av høgskolen</b>				
Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT*	-	-	-	5
Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for	-	-	7	8

\* Dei første kandidatane vil tidlegast fullføre i 2012

#### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

Doktorgradsstudium innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk blei akkreditert av NOKUT i 2009, og hausten 2009 blei studiet starta opp. Det inneber at dei første kandidatane tidlegast kan bli uteksaminerte i 2012.

Doktorgradsstudium innan økologi blei godkjent oppretta av KD hausten 2010. Programmet starta opp hausten 2011. Dei første kandidatane på programmet kan tidlegast bli uteksaminerte i 2014.

HiTs søknad om doktorgrad i kulturstudiar er behandla av sakkunnige i NOKUT og tilbakemeldinga er positiv. Saka skal styrehandsamast i februar 2012.

Sjølv om arbeidet med finansiering av universitetsfunksjonane går tyngre enn planlagt, har styret likevel lagt opp til ei finansiering av dei godkjende doktorgradsutdanningane som skal sikre at dei held eit forsvarleg fagleg nivå, også internasjonalt. I utgangspunktet bør såleis grunnlaget for god gjennomstrøyming i desse utdanningane vere det beste.

HiT har ei rad stipendiatar/doktorgradsstudentar som er tekne opp på doktorgradsprogram ved andre institusjonar. I 2011 tok sju av desse doktorgraden. Det er ein meir enn i 2010, men ein mindre enn målsetjinga for 2011. HiT oppfattar ikkje det som ei dramatisk avvik, men held fram arbeidet med å auke gjennomstrøyminga.

#### *Korte kommentarar til kvar styringsparameter*

a) *Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (ikkje resultatmål for 2011).*

Dei første doktorgradskandidatane på eigne doktorgradsprogram vil tildegast disputere i 2012.

b) *Prosentdelt uteksaminerte doktorgradskandidatar av opptekne personar på doktorgradsprogram seks år tidlegare (ikkje resultatmål for 2011).*

Sjå a).

c) *Eigendefinert: Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT (ikkje resultatmål for 2011).*

Sjå a).

d) *Eigendefinert: Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 8.*

Verksemdsmålet blei sett til 8 avlagde doktorgradar i 2011, og talet blei 7. Sjølv om måtalet ikkje blei nådd fullt ut, meiner høgskolen likevel at det er tilfredsstillande.

#### Verksemdsmål 2.4

HiT har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forsking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Samstundes skal høgskolen innrette forskingsinnsatsen sin slik at det vert oppnådd resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde der høgskolen tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forsking og utviklingsarbeid.

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,18	0,25	0,23*	0,25
Tildelingar frå Forskringsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (tal i tusen)	8,8	15,8	21,0**	-
EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0	0	0	-
<b>Styringsparametrar fastsette av høgskolen</b>				
Talet på publikasjonspoeng	55,86	80,5	82,21	90
Talet på nye publikasjonar i TEORA	64	39	24	50

\*Basert på 82,21 publikasjonspoeng (førebelse tal)

\*\* Inkludert midlar frå regionale forskingsfond (19,3 utan midlar frå regionale forskingsfond)

#### Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

I 2011 blei det ved HiT gjennomført fleire større strukturelle endringar. Mellom anna ble seksjonen for studiesaker delt i to seksjonar, ein for utdanning og ein for forsking. Det blei m.a. tilsett ein ny viserektor for FoU, og ein ny viserektor for utdanning. Delinga og den nyoppretta stillinga som viserektor for FoU er tiltak for å styrkje forskings- og utviklingsverksemda ved høgskolen.

#### Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,25.

Førebelse tal syner at publikasjonspoeng per undervisnings- forskings- og formidlingsstilling er på 0,23 i 2011. Dermed er talet litt lågare enn i 2010. Totaltalet på publikasjonspoeng er noko høgare i 2011 enn i 2010, men HiT har også fått fleire vitskapeleg tilsette.

b) Tildelingar frå Forskringsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere på minst 18 000 kroner.

Frå 2010 til 2011 har det vore ei positiv utvikling i tildelingar frå Forskringsrådet, og ein auke på omkring 1,5 mill. kroner. Målet om kr 18 000 per forskings-, formidlings- og undervisningsstilling vart nådd. Resultatet blei på ca. kr 21 000 dersom midlar frå regionale forskingsfond blir rekna med (kr 600 000), og ca. kr 19 300 om ikkje desse midlane blir tekne med. HiT er nøgd med at utviklinga går i denne retninga. Det er uansett eit mål å auke den eksternt finansierte forskinga, og arbeidet med å nå dette målet vil halde fram i 2012.

c) *EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (ikkje resultatmål).*

Heller ikkje i 2011 har HiT fått tildelingar frå EU. Høgskolen i Telemark deltek i EU-nettverket for høgskolar. Nettverket har fått ei tildeling på 3 mill. kroner frå Noregs Forskingsråd for å setje i verk tiltak for å auke deltakinga i EU-prosjekt blant høgskolane. HiT vil nytte dette tilbodet aktivt både for administrativt tilsette og ikkje minst forskarar.

d) *Eigendefinert: Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 80.*

Talet publikasjonspoeng blei 82,21 (førebelse tal) i 2011, og måлтаlet er nådd. HiT har hatt ein gradvis auke i publikasjonspoeng sidan botnåret 2008.

e) *Eigendefinert: Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere 100.*

Talet på publikasjonar i TEORA blei også i 2011 lågare enn venta. Det skuldast dels at andre oppgåver kravde mykje, dels permisjonar og dels at sjukdom blant personalet i biblioteket svekka den totale arbeidskapasiteten. Høgskolen forventar ein auke i 2012.

### Sektormål 3

**Universitet og høgsolar skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatane. Universitet og høgsolar skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.**

#### *Målområde for særleg vektlegging (for sektormålet samla)*

*Gjere greie for arbeidet med stimulering og tilrettelegging for innovasjon og entreprenørskap ved høgsolen.*

HiT samarbeider med Ungt Entreprenørskap Telemark og Telemark fylkeskommune om å bidra til at Telemark blir eit føregangsfylke i entreprenørskap i utdanninga. I høgsolens strategiske plan står det:

«HiT skal leggje vekt på nyskapande verksemd, og medverke til innovasjon og fornying i samfunns- og næringsliv».

Høgsolen har sidan 2004 tilbode studentgrupper utdanning i Studentbedrift, som er eit pedagogisk program med målsetjing å gje studentane kunnskap om bedriftsetablering gjennom eit år med oppstart, drift og avviking av eigen bedrift. Programmet er utvikla av Ungt Entreprenørskap (UE), og blir gjennomført i tett samarbeid med UE i Telemark. I perioden 2004-2011 har HiT utdanna til saman 76 Studentbedriftsgrupper med i alt 279 studentar. Fleire av desse gruppene har gjort det svært bra i ulike konkurransar som t.d. NM i Studentbedrift og Venture Cup.

I tillegg tilbyr HiT studiar i Innovasjon og entreprenørskap, både som årsstudium og treårig bachelorstudium, og det vert tilbode kurs i Immaterielle rettar. I 2011 ble det satt i gang et spennande innovasjonsprogram i samarbeid med Midt-Telemark næringsutvikling og Innovasjon Norge Telemark. Programmet er utvikla for leiarar og pådrivarar som vil lukkast med innovasjonsprosjekt og samstundes auke kompetansen i innovasjon. Med hjelp av velprøvde metodar og verkty som er utvikla frå verdsleiande innovasjonsmiljø, tek programmet deltakarane gjennom eit strukturert opplegg frå behovsavklaring og kartlegging og fram til eit grunnlag for realisering. På kurset deltek 15 føretak saman med studentar ved HiT, som samarbeider rundt prosjektoppgåver. Kurset er ferdig våren 2012.

Lærarutdanninga ved HiT fekk i 2010 støtte frå Utdanningsdirektoratet til å utvikle eit etterutdanningstilbod for lærarar i grunnskolen i entreprenørskap og innovasjon. Piloten blei gjennomført i 2011 ved Sauland skole i Hjartdal kommune, og 20 lærarar var med. Tilbodet er nå evaluert og det vert arbeidd vidare med å implementere endringar og forbetringar på grunnlag av Pilot-erfaringane. Plan og materiell for marknadsføring er under arbeid med tanke på nye kurstilbod i januar 2012.

Status ved utgangen av 2011 er at HiT har bygd opp god fagleg kompetanse i undervisning og rettleiing i Studentbedrift. HiT merkar også ei veksande interesse blant studentar for årsstudium og bachelorstudium i Innovasjon og entreprenørskap og etterutdanningstilbod i entreprenørskap og innovasjon for lærarar.

Fleire fagmiljø ved HiT har signalisert interesse for å lære meir om innovasjon og entreprenørskap som metode og fag i undervisninga, og leiinga ønskjer å styrkje den strategiske forankringa av satsinga på dette feltet. For budsjettåret 2012 er det sett av egne midlar til kompetanseheving for tilsette i innovasjon og entreprenørskap.

Programmet "Verkemiddel for regional FoU og innovasjon i Telemark" har vore og er ein viktig arena for høgsolen både for å utvikle og styrkje samarbeidet med næringsliv og offentleg sektor og for å få delfinansiert aktivitetar innan innovasjon og nyskaping. I 2011 har høgsolen gjennom dette programmet arbeidd med å utvikle eit mobilitetsprogram ved AF for å få bachelorstudentar ut i praksis i bedrifter for å lære gjennom å løyse oppgåver saman med bedriftene. Mobilitetsprogrammet er utvikla i samarbeid med kompetansemeklar ved Telemarksforskning som også meklar prosjekt som kan høve som studentprosjekt. I tillegg er det etablert bransjefagråd ved TF for bygg- og anlegg med viktige samarbeidspartnarar i næringa.

Resultatet så langt er mange gode innspel om kompetansebehov. Dette er spesielt viktig med tanke på ny rammeplan for ingeniøruddanninga, og det har kome gode innspel til mange av dei konkrete emna i utdanninga.

Helse- og sosialfagsmiljøet ved høgskolen har styrkt arbeidet med innovasjon i offentlig sektor. Gjennom FoU-aktivitetar retta inn mot kommunalt omsorgssektor er det m.a. utvikla ny utdanningsmodell for vernepleiarutdanninga og nye strategiar for å utvikle, halde på og rekruttere medarbeidarar. Det er også gjennomført ei større ungdomsundersøking som skal medverke til å utvikle det kommunale barne- og ungdomsarbeidet. I tillegg er satsinga på kurs- og oppdragsverksemd retta mot kommunale behov styrkt gjennom samarbeidet med Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester.

HS og TF har fått interne stimuleringsmidlar til å kartleggje moglege samarbeidsområde i skjæringsfeltet helse/teknologi. Både samhandlingsreforma og NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg, peikar på moglegheiter og utfordringar m.a. innanfor helseteknologi.

*Vurdering av arbeidet med å utvikle retningslinjer for immaterielle rettar og betre handtering av slike rettar.*

I 2011 blei det ikkje gjort noko ekstra for å utvikle desse retningslinjene. Arbeidet blei starta, men personalsituasjonen sette ein stoppar for den interne prosessen. Dei enkeltståande tilfella der avklaring av immaterielle rettar har blitt sett på spissen, har blitt løyste gjennom sakshandsaminga. Høgskolen nyttar mellom anna den nettbaserte rådgevingstenesta DelRett i sitt arbeid med desse sakene.

*Vurdering av høgskolen si tilrettelegging for og tilgang til forskingsresultat, deriblant Open Access, og annan fagleg aktivitet for ålmenta og samfunnet.*

HiT har sett av kr 50 000 til å betale avgifter ved Open Access-publiseringar. Drygt kr 16 000 blei brukt til tiltaket i 2011. Det er mogleg at ordninga er lite kjend mellom forskarane og at tiltak bør rettast inn på å betre kjennskapen til dette.

*Gjere greie for arbeidet med å auke bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd.*

Auka kontakt mellom høgskolens tilsette, studentar og omgjevnadene har gjeve resultata i form av større aktivitet innan bidrags- og oppdragsaktivitetar. Dette er ein strategi som høgskolen har følgd over fleire år gjennom m.a. samarbeid med arbeidslivet rundt studentoppgåver og praksisplassar. I tillegg deltek høgskolens tilsette i eksterne nettverk og styre, og arrangerer sjølv fagdagar og konferansar som skaper møtearenaer mellom tilsette og studentar ved HiT og omgjevnadene.

Det er sett av egne ressursar både i fellesadministrasjonen og på fakultetsnivå for å følgje opp høgskolens eksterne nettverk. I 2011 tilsette høgskolen eigen viserektor for FoU, som skal ha eit særskilt fokus på å auke høgskolens bidrags- og oppdragsbaserte verksemd. Det er også sett av egne midlar for å stimulere tilsette til bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.

I 2011 etablerte høgskolen Råd for samarbeid med arbeidslivet for å sikre at utdanningstilboda treffer arbeidslivets kompetansebehov, og stimulere til meir nyskaping i næringslivet. Rådet er sett saman av representantar frå arbeidslivet i regionen og leiinga ved høgskolen. Rådet har utvikla ein strategi med målsetjing om å medverke til godt og systematisk samarbeid mellom HiT og arbeidslivet. Ein av delstrategiane er å vurdere organiseringa av etter- og vidareutdanninga. Vekst i denne aktiviteten vil også bidra til å styrkje høgskolens bidrags- og oppdragsfinansierte verksemd.

For å styrkje næringsutviklingsarbeidet i regionen har HiT samarbeidd med Vekst i Grenland, Herøya Industripark, Tel-Tek og Telemark fylkeskommune om ein søknad til SIVA om støtte til ei inkubasjonssatsing i 2012. Søknaden blei avslått i første runde, men det vert arbeidd vidare med å utvikle modellar som kan medverke til å utvikle konkurransedyktige føretak i regionen.



HiT har også samarbeidd om en søknad, initiert av UiA, om midlar frå NFR-programmet FORNY, for å oppnå fleire og betre kommersialiseringar av forskingsresultat FoU-miljøa i regionen. Målsetjinga for HiT er å styrkje kommersialiseringarbeidet gjennom m.a. nettverksbygging og kompetanseheving.

### Verksemdsmål 3.1

*HiT skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda.*

#### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

I 2010 gjekk talet registrerte mediebidrag ned til 18 frå om lag 50 dei seinare åra. I 2011 er talet ytterlegare redusert til 10. I det låge talet ligg det rett nok fleire seriar som berre tel som ei registrering, mellom anna deltaking i 10 program i TV-programserien "Blanke Ark" og 30 innslag i nitimen. Talet vert difor ekstra lågt.

Den reelle mengda formidling og deltaking i offentleg debatt er difor mykje høgare enn talet på registrerte mediebidrag. Det skuldast mellom anna at det ikkje er plikt til å rapportere formidling, og at det heller ikkje gjev økonomisk utteljing for høgskolen korkje internt eller eksternt. Mykje som fell inn under formidlingsomgrepet vert difor ikkje registrert nokon stad.

Fagleg allmenn formidling gjennom konsertar og utstillingar har stort omfang. Det er registrert 27 utstillingar og konsertar pluss ei CD-utgjeving. Utstillingane inkluderer òg to juryerte utstillingar i USA. I september 2011 deltok høgskolen i dei nasjonale Forskingsdagane med ei rad arrangement i Porsgrunn, Bø, Rauland og Rjukan. Gjennomføringa av forskingsdagane i Telemark blei gjort i samarbeid med 19 bedrifter, bransje- og interesseorganisasjonar og offentlege utviklingsaktørar i fylket. Arrangementa samla 1 750 deltakarar og resulterte m.a. i 25 innslag i Varden og TAs papirutgåver. I følgje Noregs forskingsråd var Telemark sjetteste største i tal på mediainnslag av dei totalt 25 forskingsdagsarrangørane i landet.

### Verksemdsmål 3.2

*HiT skal medverke til samfunns- og næringslivsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.*

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
Prosentdelen av oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet av samla driftsinntekter	0,02	0,01	0,01	-
Talet på nyoppretta selskap	0	1	0	-
Talet på mottekne forretningsidéar	0	8	2	-
<b>Styringsparametrar fastsette av høgskolen</b>				
Samla bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitetar (BOA) (alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet) (mill. kroner)		26,1	25,1	30

Resultat av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (kr)*	818 000	502 000	392 000	600 000
---	---------	---------	---------	---------

\* Resultatet gjeld berre oppdragsfinansiert verksemd. Styringsparameteren er endra i plandelen.

#### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

HiT har eit omfattande og mangslunge samarbeid med både privat næringsliv, offentlig sektor og friviljuge organisasjonar. Det er samarbeid m.a. om FoU-opdrag, utdanningstilbod, praksisutplassering, studentoppgåver, personalutveksling, konferansar og karriere- og forskingsdagar. Gjennom desse samarbeidsarenaene medverkar høgskolen i samfunns- og næringsutviklinga.

Trass i omfattande eksternt samarbeid har HiT i mindre grad lukkast med å auke dei eksterne inntektene. Det vil bli fokusert endå sterkare på å få auka ekstern finansiering i 2012.

#### *Korte kommentarar til kvar styringsparameter*

a) *Delen av oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet av samla driftsinntekter skal vere 0,02.*

Omfanget av oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet har vore på om lag same nivå dei siste åra. Grunnen til at prosentdelen har gått noko ned, er at driftsinntektene elles har auka.

b) *Talet på nyoppretta selskap skal vere minst 1.*

Det er ikkje oppretta nye selskap i 2011.

c) *Talet på mottekne forretningsidear skal vere minst 5.*

I 2001 har HiT motteke to nye forretningsidear frå tilsette. Desse ideane vil bli utgreidde vidare i 2012. Talet er noko lågt i høve til ambisjonane, men høgskolen har også arbeidd vidare med fire forretningsidear som blei motteke i 2010. Alle forretningsideane er utvikla ved AF. Høgskolen ser eit stort potensial i å styrkje satsinga på å kommersialisere forskingsresultat også ved dei andre fakulteta.

Omtale av dei mottekne forretningsideane i 2011:

1. Database for skanning og samanlikning av analysedata.

Ideen går ut på å lage eit datainnsamlingsprogram retta mot spesifikke forskingsfelt. Programmet søkefunksjon og samanlikning av innhaldet i dokumenta vil kunne kjenne att og identifisere innhaldet etter dei fagtermane som ligg innanfor dei enkelte forskingsfeltene på ein meir presis måte enn det dagens verkty kan.

2. Hurtigdeteksjon av mikrobiell aktivitet for å avdekkje potensial i ulike vekstområde.

Ideen går ut på å bruke ein kjent metode for å avdekkje mikrobakteriell aktivitet (ATP-metoden) for å påvise endringar i jordsmonn og avdekkje jordas "helsetilstand" på ein enkel måte.

Nedanfor følgjer omtale av fire forretningsidear frå 2010 som er nærare utgreidde i 2011:

1. Rørsledetektor: Prosjektet går ut på å lese av rørslemønsteret til funksjonshemma personar slik at dei kan få best mogleg tilpassa hjelpemiddel. Ideen har utspring i resultat frå forskning på bever, der samanhengande overvaking og kartlegging av rørslemønsteret til beveren er gjort i vann og på land. Utstyret blir nå testa ytterlegare og data blir analyserte før ein i løpet av 2012 vil vurdere om prosjektet skal først vidare med ein av kommersialiseringsaktørane.

2. Fosforseparator: Ideen går ut på å skilje ut fosfor frå kloakkslam, utan tilsetjing av kjemikaliar, og dermed løyse eit miljøproblem samstundes verdifulle råstoff blir gjenvunne. Dette har utspring i ei prosjektutgreiing som er gjennomført i samarbeid med lokale næringslivsaktørar.

Resultata frå dette arbeidet syner svært lovande potensial. Det er likevel eit krevjande tverrfagleg prosjekt der det vert stilt store krav til dokumentasjon. Prosjektet vil bli vidareført, i første omgang som eit planlagt treårig tverrfaglig forskingsprosjekt der det blir søkt finansiering gjennom NFR, Oslofjordfondet eller andre finansielle aktørar der eit slikt prosjekt kan inngå.

3. Superstake: Et nytt og revolusjonerende treningsapparat for vintersportsutøvarar. Prosjektet har utspring i samarbeid mellom ein masterstudent på idrett og ein fagleg tilsett ved IFIF. Resultatet av arbeidet i 2011 er at prototyp og testoppsett er ferdig. Apparatet vil bli prøvd ut og kravspesifikasjon til ferdig produkt skal utarbeidast før arbeidet blir ført vidare med sikte på å setje i gang ein kommersialiseringsprosess i løpet av 2012.

4. Easymove: Universell innretning som m.a. kan nyttast til å flytte pasientar både ute og inne. Ideen er utarbeidd på bakgrunn av røynsler som tilsette har med å hente sjuke og skadde personar i skog og fjell. I 2001 gjorde opphavsmannen prototypen ferdig, og testing er sett i gang. Spørsmålet om innretninga kan patenterast vil avgjere om dette held fram som prosjekt ved HiT eller kan vidareførast av opphavsmannen.

*d) Eigendefinert: Omfanget av den samla bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten (BOA), alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 26 mill. kroner.*

Styret registrerer at omfang og resultat av BOA i 2011 i all hovudsak er som for 2010. Styret meiner difor at potensialet framleis ikkje er utnytta i høg nok grad, og vil også i framtida ha stor merksemd retta mot dette området.

*e) Eigendefinert: Resultat av bidrags- og oppdragsfinansierte verksemd skal auke til minst 600 000 kroner.*

HiT lukkast ikkje heilt med å nå målsetjinga om å auke resultatet av oppdragsfinansierte verksemd i 2011. Resultatet blei likevel eit overskot.

## Sektormål 4

*Universitet og høgsular skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsopdraget blir stetta best mogleg innanfor ramma av disponible ressursar.*

### **Målområde for særleg vektlegging (for sektormålet samla)**

*Vurdere korleis strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering underbyggjer faglege ambisjonar innan forskning og utdanning.*

#### Langtidsbudsjet, leing og utval

Høgskolen byrja med langtidsbudsjet i 2008. Langtidsbudsjetet vert rullert kvart år. I tillegg til budsjetfordeling for 2012 utarbeidde høgskolen i 2011 eit eige langtidsbudsjet for perioden 2013–2017. Slik økonomiregelverket i staten er utforma, kan styret ikkje vedta konkrete budsjet for perioden 2013–2017. Styret har difor teke saka til orientering.

Langtidsbudsjetet blei styrebehandla 15. desember 2011, og er eit viktig verkty som m.a. skal medverke til å gje høgskolen

- eit grunnlag for langsiktige prioriteringar og kunnskap om kva slike prioriteringar vil innebere økonomisk,
- eit grunnlag for å vurdere status for opptrappingsplanen for universitetssatsinga og realismen i den vidare satsinga basert på økonomiske analysar.

I langtidsbudsjetet er det sett av årlege midlar til høgskolens strategiske satsingstiltak, som m.a. doktorgradsstudium og nye mastergradsstudium.

Styret har i 2011 innført ny institusjonell leiingsstruktur. M.a. er det oppretta nye stillingar som viserektor for utdanning og viserektor for FoU. Opprettinga av stillingane er meint å styrkje høgskolens faglege verksemd.

Styret har tidlegare oppretta eigne FoU- og utdanningsutval som skal vere rådgjevande organ for styret og høgskoleleiinga når det gjeld utdanning FoU. Det er sett av ressursar til desse utvala i heile langtidsperioden fram til 2017.

#### Utdanning

Innan utdanning har høgskolen lagt seg på eit prinsipp om at fakulteta samla sett får ein relativt lik prosentvis del av HiTs totale årlege løyving frå KD som ei grunnløyving, før ulike tiltak blir prioriterte. Dette er for å sikre at utdanningskvaliteten ligg på eit tilfredsstillande nivå over tid, slik at m.a. universitetssatsinga ikkje skal redusere kvaliteten på den utdanninga høgskolen gjev i eksisterande studieprogram. I tillegg vart det i 2011 òg sett av midlar på særskilte tiltak retta mot utdanning, m.a. midlar til å forbetre høgskolens kvalitetssikringssystem.

#### Forskning

På forskingsområdet set høgskolen av økonomiske ressursar til tiltak for å auke verksemda. M.a. vart det i 2011 sett av midlar på særskilte tiltak som til dømes FoU-permisjonar, forskingsdagar, stimuleringsmidlar for BOA, verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI), stimuleringsmidlar for å oppnå fleire forskingsmidlar frå NFR, og ordning for små driftsmidlar. Økonomiske ressursar til desse tiltaka låg på om lag same nivå i 2011 som i tidlegare år. I 2011 har høgskolen òg prioritert ressursar for å dekkje avgifter for å publisere i Open Access-tidsskrift. Dette er eit tiltak for å auke talet på publikasjonspoeng knytt til slik publisering. Talet på publikasjonspoeng auka vesentleg frå 2009 til 2010, og høgskolen ligg an til å få ein ytterlegare vekst frå 2010 til 2011. For 2012 tek ein sikte på å nytte avsette midlar til FoU-permisjonar meir målretta for å medverke til ytterlegare auke i talet på publikasjonspoeng.

### Rekruttering

Når det gjeld rekruttering, blir det lagt særleg vekt på å sikre høg og relevant undervisnings- og forskingskompetanse på strategiske satsingsområde som m.a. grunnskolelærarutdanningane, mastergradsstudium og doktorgradsstudium. I 2011 har høgskolen òg prioritert ressursar for å auke kompetansenivået til eigne tilsette, m.a. ved å løyve midlar til tiltaka Førstelektorprogram og Intern finansiering av doktorgradsutdanning.

*Vurdere høgskolens oppfølging av personalpolitiske verkemiddel som medverkar til å realisere målet om eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.*

### Medarbeidarundersøking

HiT gjennomfører annankvart år ei undersøking av kor nøgde medarbeidarane er. Temaet er arbeidsmiljø og leiging. Undersøkinga blei første gong gjennomført i 2008, og ei ny vart gjennomført hausten 2010. Rapportane frå desse undersøkingane er utgangspunkt for oppfølgingsarbeid i dei ulike organisasjonseiningane i høgskolen.

Det er lagt opp til ein toårig syklus slik at det skal gjennomførast ei undersøking annankvar haust med etterfølgjande forbetningsarbeid i perioden fram til neste undersøking. På den måten vil høgskolen ha eit kontinuerleg fokus på arbeidsmiljø og leiging.

### Arbeid med helse, miljø og tryggleik

Det fysiske arbeidsmiljøet er sikra gjennom årlege internkontrollrundar med vurdering av risikotilhøve og tiltak ved studiestadene. Det er kjøpt inn hjelpemiddel som tilpassa stol og heve- og senkebord til tilsette som står i fare for å bli sjukmelde grunna rygg- og belastningsplager, slik at dei kan klare arbeidskvardagen betre.

For å auke trivnaden og samhandlinga på tvers av fakulteta, blir det kvart år skipa til ein "inspirasjonsdag" for alle tilsette.

Høgskolen arbeider systematisk og kontinuerleg med helse, miljø og tryggleik og er oppteken både av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet. Høgskolen har og velfungerande lokal- og hovud-AMU der saker som gjeld arbeidsmiljøet blir tekne opp og drøfta.

### Sjukefråvær

Frå 2009 til 2010 gjekk sjukefråværet ved høgskolen ned frå 4,3 % til 3,7 %. Det er ein nedgang på nærare 15 % på eitt år. Frå 2010 til 2011 gjekk sjukefråværet ved høgskolen ytterlegare ned frå 3,7 % til 3,6 %. Det er ei positiv utvikling, og høgskolen har sett i verk ulike tiltak som kan redusere sjukefråværet.

Høgskolen gjev medarbeidarane tilbod om at ein time av arbeidstida per veke kan brukast til felles helsefremjande aktivitetar. Dette blir gjort både for å styrkje arbeidsmiljøet og for å førebyggje moglege belastningsskadar.

Det er utarbeidd meir detaljert statistikk over sjukefråværet for å få betre oversyn over korleis det er fordelt mellom kjønn og mellom langtids- og korttidsfråvær. Trenden er at kvinner har høgare sjukefråvær enn menn. Sjukefråvær over åtte veker utgjer den prosentvis største delen av fråværet.

Det kan synest som om eit kontinuerleg fokus på sjukefråværet og dei ulike tiltaka har medverka til nedgangen. Høgskolen ønskjer å halde det på eit så lågt nivå som råd, og vil halde fram med systematisk arbeid med denne problematikken.

*Vurdere høgskolens oppfølging av gjeldande regelverk for offentlege innkjøp og forvaltning av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.*

Høgskolen fekk ingen vesentlege merknadar frå Riksrevisjonen knytte til områda offentlege innkjøp og BOA i 2010, og ventar heller ingen vesentlege merknadar på desse områda i 2011.

Høgskolen meiner å ha hatt god kontroll med dei store anskaffingane i 2011. Talet på kunngjeringar er lågt, og i 2011 kunngjorde høgskolen berre fem konkurransar. Fakturasystemet Basware Invoice gjev god kontroll med fakturaene. Høgskolen har oppdaterte retningslinjer og rutinar knytte til anskaffingar. Høgskolen har teke i bruk konkurransegjennomføringsverktøyet KGV i 2010, og har òg byrja å nytte bestillingssystemet Purchase Manager i 2011. Det er nå utarbeidd ein tiltaksplan for å betre anskaffingane ytterlegare, jf. S-sak 7/12. Tiltaksplanen blir send til KD i eigen ekspedisjon.

Styret fastsette nye retningslinjer for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet basert på nytt regelverk frå KD i 2008. Det er framleis rom for betringar på dette området, og høgskolen arbeider fortløpande med problemstillingar som dukkar opp. Høgskolen ønskjer seg klarare retningslinjer frå KD i denne samanhengen, særleg når det gjeld klassifisering av prosjekt.

*Vurdere høgskolen si oppfølging av internkontroll, ref. reglement for økonomistyring i staten § 14 – relatert både til system og kvalitetsrutinar.*

Styret meiner at eigen internkontroll er tilfredsstillande, men at det framleis er rom for betringar.

Driftseiningane i høgskolen held seg i all hovudsak innanfor dei økonomiske rammene som gjeld til kvar tid. Rammene blir følgde opp ved jamleg statusgjennomgang ved driftseiningane, og institusjonen arbeider ut økonomiske statusrapportar som blir styrebehandla saman med tertialrapportane. Det blir lagt vekt på prognose per 31.12. Ordninga med at styret fastset stillingsrammer for driftseiningane, medverkar òg til å sikre kontroll over lønskostnadene. Høgskoleleinga har i 2011 hatt møte med eitt av fakulteta for å syte for at drifta blir tilpassa dei økonomiske rammevilkåra. Styret meiner at system og rutinar knytte til rekneskap og informasjon om resultat er svært tilfredsstillande. Den same vurderinga gjeld òg systema som skal sikre at verksemda sine verdiar blir forvalta på ein forsvarleg måte, at ressursbruken er effektiv, og at økonomistyringa er organisert på ein god måte.

System og rutinar for måloppnåing og resultatoppfølging fungerer tilfredsstillande. Det er likevel rom for betringar i oppfølginga av mål- og resultatkrav, og høgskolen arbeider aktivt med dette.

Det blir arbeidd jamleg med å betre system og rutinar for å førebyggje og oppdage økonomisk kriminalitet, m.a. blir utbetalingsunderlag kontrollerte regelmessig.

*Vurdere høgskolen sitt arbeid med å redusere mellombels tilsetjing i ordinære utdannings- og forskarstillingar.*

Høgskolen følgjer opp dei framlegga til tiltak for å redusere mellombelse tilsetjingar som er nemnde i brev av 19.11.10 frå KD. I samsvar med dette har høgskolen gått gjennom alle sine tidsavgrensa tilsetjingar. HiT har om lag 130 årsverk i slike stillingar i 2011. Av desse er ca. 73 årsverk knytte til stipendiatar, åremålstilsette leiarar, bistillingar og lærlingar. Desse årsverka finn ikkje høgskolen det naturleg å gjere noko med, til dømes vil det heller vere ønskjeleg å få auka talet på stipendiatar. Av dei resterande mellombelse årsverka er ca. 40 knytte til oppdragsstillingar. Høgskolen vil vurdere spesielt desse vidare i 2012.

#### Verksemdsmål 4.1

*HiT skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.*

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
Driftsutgifter per produsert 60-studiepoengseining (nominelle tal)	128	130	133	-
Driftsutgifter per publikasjonspoeng	9 222	6 699	* 6 942	-

Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette	2,27	2,30	2,40	2,40
<b>Styringsparametrar fastsette av høgskolen</b>				
Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal haldast på noverande nivå	62,58	63,49	63,85	63,5
Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekivalent korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over kr 93 000	93 848	93 969	92 377	93 000
Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 kvm	12,8	13,7	13,0	14,0

\* Publikasjonspoeng er ennå ikkje endeleg kjent. Rapporteringa tek utgangspunkt i førebels produksjon på 82,21 for 2011.

### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

HiT meiner at dette verksemdsmålet må seiast å vere nådd på dei mest vesentlege områda.

Den interne budsjettfordelingsmodellen i høgskolen blei revidert i 2008. Det blei ikkje funne grunn til å gjere vesentlege endringar. Styret meiner at budsjettfordelingsmodellen i hovudsak må kunne seiast å vareta strategiske prioriteringar på ein god måte.

Budsjettprosessen for 2011 blir oppfatta som god. Med utgangspunkt i Prop. 1 S (2010-2011) blei det utarbeidd førebelse rammer til driftseiningane. Deretter blei det gjennomført eit plan- og budsjettseminar for å gå gjennom rammer og konsekvensar. Etter seminaret blei det utarbeidd eit budsjettfordelingsframlegg som blei sendt på høyring til driftseiningane. Justert framlegg til budsjettfordeling for 2011 blei fremja på styremøtet i desember 2010.

Høgskolen har arbeidd vidare med tiltak for å betre budsjettoppfølgingsprosessen. Det er m.a. stilt krav til at økonomisk status skal vere fast punkt på dagsorden i månadlege leiarmøte ved driftseiningane, og at nye tildelingar skal leggjast inn og periodiserast i rekneskapssystemet Agresso snarast mogleg og seinast innan 10 dagar etter at tildelingane er mottekne. Vidare er det halde fast ved ein tidleg frist for å registrere budsjetttramma for året. Denne er sett til 15. januar. Høgskolen har i 2011 nytta ein eigen mal for driftseiningane i økonomirapportering til styret knytt til tertialavslutningar og årsavslutningar.

Høgskolen har òg halde fram med den nye ordninga for å fordele og følgje opp midlar til stipendiatstillingar. M.a. er det forskottert løyving av midlar til stipendiatar. Ordninga skal m.a. medverke til at midlane kjem raskare i sirkulasjon.

Høgskolen har gått gjennomstudieporteføljen i 2008 og 2009. Som ein del av gjennomgangen vart det utarbeidd lønsemdsutrekningar for kvart studieprogram. Styret meiner at slike utrekningar medverkar til å sikre god og effektiv forvaltning av ressursane, der m.a. studieprogram med dårleg lønsemd blir vurderte nærare for å betre lønsemda. Ein ser då både på inntekts- og kostnadssida. Dette kan til dømes vere tiltak for å betre gjennomstrøyminga, ulike tiltak for å betre marknadsføringa, endring av innhald i studieprogram, høve til å gjennomføre fellesundervisning for fleire studieprogram innanfor eit emne, direkte kostnadsreducerande tiltak (m.a. reduksjon av timelærarbruk og reiseverksemd), oppretting av nye studieprogram og nedlegging av gamle.

Nivået på avsetjingar har auka frå 31.12.10 til 31.12.11. Følgjande tabell syner utviklinga for perioden 2008-2011 (tal i mill. kroner):

År	Avsetjing, midlar		Totalt
	Avsetjing, ekskl. midlar frå NFR	frå NFR og regionale forskingsfond	
2008	36,5	3,3	39,8
2009	49,7	1,9	51,6
2010	62,6	3,4	66,0
2011	68,1	3,8	71,9

Førebels rekneskap for 2011 viser eit totalt mindreforbruk på 71,9 mill. kroner og eit mindreforbruk eksklusiv avsetjingar knytte til Forskringsrådet på 68,1 mill. kroner. Dei totale avsetjingane er såleis auka med om lag 5,9 mill. kroner i 2011 i høve til 2010. Auken i totale avsetjingar er omtala nærare under verksemdsmål 4.3.

Når det gjeld omfanget av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd, blir det vist til verksemdsmål 3.2.

Høgskolen hadde per 31.12.10 ein verksemdskapital på kr 4 447 953 før resultatet frå 2011 er lagt til. Medrekna resultatet frå 2011 er verksemdskapitalen på kr 4 840 511. Høgskolen arbeider aktivt for å auke både eksternt finansiert verksemd og tildeling frå Forskringsrådet.

Høgskolen meiner at løyvinga i 2011 er disponert i samsvar med strategiske føringar og politiske styringssignal.

#### *Korte kommentarar til kvar styringsparameter*

*a) Driftsutgifter per produsert 60-studiepoengseining skal ikkje vere over kr 134 000 (nominelle tal).*

Driftsutgifter per produsert 60-studiepoengseining blei på om lag kr 133 144 i 2011, som er ein auke på kr 2 751 per eining frå 2010. Det har vore ein auke i studiepoengsproduksjonen, som har vore prosentvis lik auken i driftsutgifter.

*b) Driftsutgifter per publikasjonspoeng skal ikkje vere over 7 mill. kroner.*

Driftsutgifter per publikasjonspoeng blei om lag 7 mill. kroner. Det endelege talet på produserte publikasjonspoeng er ikkje kjent før i mars 2012. Førebels ser vi at det er produsert minst 82,21 publikasjonspoeng, og rapporteringa nå tek dette som utgangspunkt. Produksjonen er høgare enn tidlegare år og over målalet på 80.

*c) Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,35.*

Som det går fram av tabellen, er det ein auke i det aktuelle høvetalet frå 2010 til 2011 (frå 2,3 til 2,4), og ambisjonsnivået for 2011 på 2,35 blei også nådd. Høgskolen vil følgje med på utviklinga i dette høvetalet for å sikre ein god og føremålstenleg balanse mellom administrativt og vitenskapleg tilsette.

*d) Eigendefinert: Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 63,5 %.*

Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader vart 63,9 %. Dette er noko høgare enn målet på 63,5 % for 2011, og om lag 0,4 %-poeng høgare enn i 2010. Høgskolen vil følgje utviklinga vidare, og sikre at ikkje lønsdelen blir for høg.



e) *Eigendefinert: Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over kr 93 000.*

Høgskolen nyttar konsumprisindeksen til SSB med 2004-kroner som korreksjonsgrunnlag for løns- og prisvekst. Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst vart om lag kr 92 377 i 2011. Høgskolen er godt nøgd med at talet på eigenfinansierte heiltidsekvivalentar aukar relativt meir enn dei totale driftsutgiftene, og at resultatet for 2011 var betre enn måлтаlet.

f) *Eigendefinert: Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 m<sup>2</sup>.*

Arealet per eigenfinansiert student blei 13,0 m<sup>2</sup> i 2011, mot 13,7 m<sup>2</sup> i 2010.

I løpet av 2010 blei arealet i Porsgrunn auka ved at eit nytt bygg blei leigd. Totalt blei det leigd 889 m<sup>2</sup> i dette bygget. I 2011 er det ytterlegare leigd 446 m<sup>2</sup> i det same bygget.

Høgskolen er godt nøgd med at gjennomsnittleg areal per eigenfinansiert student har gått noko ned, og at målsetting for 2011 er nådd, men det er likevel individuelle forskjellar mellom dei ulike studiestadane ved høgskolen.

#### Verksemdsmål 4.2

*HiT skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.*

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
a) Del første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	0,38	0,40	0,42	0,45
b) Del kvinner av det totale talet på stillingar	0,51	0,52	0,52	-
Del kvinner av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar , og etter stillingskategori	0,46	0,47	0,48	-
• professor	0,17	0,17	0,20	
• dosent/høgskoledosent	0,50	0,67	0,45	
• førsteamanuensis	0,31	0,31	0,32	
• førstelektor	0,36	0,41	0,33	
• høgskolelektor	0,54	0,56	0,60	
• amanuensis	0,28	0,00	0,00	
• høgskolelærer	0,62	0,63	0,61	
<b>Styringsparametrar fastsette av høgskolen</b>				
c) Del kvinner i leiarstillingar	0,39	0,31	0,47	0,50
d) Del kvinner i første- og toppstillingar	0,29	0,30	0,30	0,35

### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

Resultata for 2011 syner at høgskolen ligg på etterskot når det gjeld målet som er sett i strategisk plan for perioden 2010 – 2014 om at del første- og toppstillingar av det totale talet undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar skal auke til minst 0,55 i 2014. Det er grunn til å merke seg at del kvinner i leiarstillingar har auka vesentleg i 2011, og nå må seiast å vere på eit tilfredsstillande nivå. Målet må vere å halde talet på kvinnelege leiarar oppe på minst same nivå i dei komande åra. Elles syner resultata for 2011 at høgskolen framleis har ei utfordring når det gjeld å auke talet på kvinnelege tilsette i første- og toppstillingar.

### *Korte kommentarar til kvar styringsparameter*

*a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal vere minst 0,45.*

Som det går fram, har det vore ein viss auke i prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar i perioden 2009 til 2011. Auken er likevel for liten til at ambisjonsnivået for 2011 er nådd. Dersom resultatmålet i strategisk plan for 2010 – 2014 om at del første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal vere på minst 0,55 i 2014 skal bli nådd, må høgskolen intensivere arbeidet med å rekruttere til slike stillingar. I samarbeid med leiinga på fakulteta er det nå sett i gang eit arbeid med sikte på å betre rekrutteringa til desse stillingane.

*b) Del kvinner av det totale talet på stillingar, og av det totale talet på undervisnings- og forskar- og formidlingsstillingar og etter stillingskategori.*

Del av kvinner totalt i høgskolen og del av kvinner i undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar har vore stabil dei siste åra. Samla sett har høgskolen ein tilfredsstillande kjønnsbalanse som det må vere eit mål å vidareføre.

*c) Eigendefinert: Del av kvinner i leiarstillingar skal vere minst 0,40.*

Dette målet er nådd med god margin i 2011. Hovudgrunnen til det er at høgskolen tilsette mange nye leiarar i 2011, og at mange av dei nytilsette var kvinner.

*d) Eigendefinert: Del av kvinner i første- og toppstillingar skal vere minst 0,35.*

Høgskolen ser det som viktig å arbeide systematisk og strukturert med sikte på at del av kvinner i første- og toppstillingar framleis skal auke i åra som kjem. Handlingsplanen for likestilling i høgskolen, som vart vedteken av styret i 2008, fokuserer på rekruttering til faglege første- og toppstillingar og leiarstillingar. Med utgangspunkt i denne planen er det sett i verk fleire tiltak for å auke kvinnedelen i desse stillingskategoriane, men det ser førebels ikkje ut til at tiltaka har hatt den verknaden ein vona. Arbeidet med å rekruttere fleire kvinner til første- og toppstillingar vil halde fram i håp om at tiltaka som er sette i gang vil få større effekt etter kvart.

### Verksemdsmål 4.3

*HiT skal syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga. I dei strategiske prioriteringane skal det takast omsyn til god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning.*

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,85	2,00	2,03	-
Avrekningar	12,2	14,4	5,9	- 4,0

(gjennomføringa av budsjettet i rekneskapsåret) (mill. kroner)				
<b>Styringsparametrar fastsette av høgskolen</b>				
Det skal ikkje kome vesentlege negative merknader frå Riksrevisjonen	0	0	0	-

#### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

Avrekningane auka med totalt 11,8 mill. kroner frå 2008 til 2009, med ytterlegare 14,4 mill. kroner frå 2009 til 2010, og nå med 5,9 mill. kroner frå 2010 til 2011. Auken i mindreforbruket frå 2009 til 2011 skuldast i hovudsak at midlar som skal brukast seinare år til fastsette føremål, er haldne attende. Høgskolen har nå sett i verk tiltak for redusere avsetningane, og ytterlegare tiltak vil bli sette i verk i 2012.

Styret meiner at kvaliteten i økonomiforvaltninga er på eit tilfredsstillande nivå. HiT har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen korkje i 2010 eller tidlegare år tilbake til 2003, etter overgangen til nytt rekneskapsprinsipp.

Høgskolen gjennomfører jamlege interne økonomiforumsmøte der alle driftseiningane deltek med sikte på å betre økonomiforvaltninga. I 2011 har ein såleis teke opp rutinar for kredittkort, innkjøp, overføring av timelønna til hovudlønn, arrangørsystemet Deltager.no, og nytt reiseregulativ for HiT. I tillegg har det vore arbeid med ein ny mal for note 15, og vore arrangert eigne fagdagar, som Løns- og personaldag og Årsrekneskapsdag.

#### *Korte kommentarar til kvar styringsparameter*

*a) Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) skal vere 2,00.*

Likviditetsgraden vart 2,03. Avviket oppfatast som positivt og blir ikkje omtala vidare.

*b) Avrekningar (tilgang/avgang i avsetjingar) skal vere minus 4 mill. kroner.*

Avrekningane auka med totalt 5,9 mill. kroner frå 2010 til 2011, medan høgskolen i byrjinga av 2011, då måltalet vart sett, venta ein nedgang på om lag 4 mill. kroner. Auken i mindreforbruket frå 2010 til 2011 skuldast i hovudsak at midlar som skal brukast seinare år til fastsette føremål, er haldne attende. Høgskolen har nå sett i verk tiltak for redusere avsetningane, og ytterlegare tiltak vil bli sette i verk i 2012.

*c) Eigendefinert: Det skal ikkje kome vesentlege negative merknader frå Riksrevisjonen.*

Styret er godt nøgd med at HiT ikkje har motteke vesentlege kritiske merknader frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret for 2010.

#### Verksemdsmål 4.4

*HiT skal medverke til at nasjonale kunnskapsressursar blir forvalta heilskapleg og til at oppgåver blir løyste og ansvar blir fordelt gjennom samarbeid.*

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgradar)	0	0	0	-

#### *Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)*

Sjølv om ikkje HiT har etablert fellesgradar med andre norske institusjonar, meiner høgskolen at dette verksemdsmålet er nådd. Det vert då vist til at høgskolen på mange ulike måtar har eit omfattande og godt samarbeid med andre norske institusjonar. I denne samanhengen er det særleg grunn til å nemne det pågåande samarbeidet med UiA med sikte på fusjon eller utvida samarbeid mellom dei to institusjonane.

#### *Kort kommentar til styringsparameteren*

a) Høgskolen har førebels ikkje etablert fellesgradar med andre institusjonar.

## Særskilt rapportering

### Rapportering på kvalitet i grunnskolelærerutdanninga

Den betra finansieringa av grunnskolelærerutdanningane gjennom innplassering i kategori D, er ved HiT nytta til å forsterke FoU-innsatsen innanfor desse utdanningane. Det gjeld særleg i emna naturfag og engelsk. Vidare er det tilført ressursar til arbeidet med oppfølging av praksisopplæringa. I tillegg har HiT valt å nytte midlar til å oppretthalde valfag med få studentar både på 1.-7.-steget og på 5.-10.-steget.

### Rapportering om strategi for samarbeid med arbeidslivet

HiTs styre vedtok i møte 24. mai 2011 å opprette Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA). Det blei gjort slikt vedtak:

1. *Styret vedtar at det opprettes eit Råd for samarbeid med arbeidslivet f.o.m. høsten 2011, og at medlemmene oppnevnes for fire år av gangen. I god tid før utgangen av denne perioden skal ordningen evalueres.*
2. *Styret vedtar mandat for og sammensetning av rådet i samsvar med forslag av 03.05.11 og med de endringer som fremkom i møtet.*
3. *Styret gir rektor fullmakt til å oppnevne eksterne representanter i rådet.*

RSAs strategi ligg ved. Strategien er vedteken av styret 23. februar 2012. Det oppretta RSA er ikkje ei direkte vidareføring/utvikling av tidlegare eksisterande fora. Mandat for og samansetjing av RSA følgjer av vedlagde strategi.

### Rapportering på bruk av studieplassar

HiT legg til grunn at det under pkt. 3.4 er forventa ei vurdering av måloppnåing knytt til løyvingar til nye studieplassar i budsjettet for 2011. For HiT inneber det femten frie studieplassar i finansieringskategori D med halvårseffekt for 2011, og 4 studieplassar i lærarutdanninga i finansieringskategori E (føresett nytta til utdanning av rettleiarar for nyutdanna lærarar) med halvårseffekt for 2011.

HiT har valt å øymerke desse midlane til mastergradsutdanningar ved Fakultet for allmennvitenskaplege fag. For å få samanliknbare tall, har HiT valt å sjå på registrerte studentar per 01.10.10, registrerte studentar per 01.10.11 og opptaksmåtal for 2012. Tala viser at HiT med denne fordelinga har lukkast i å auke opptaket i tråd med den auka tildelinga.

Når det gjeld utdanning av rettleiarar til nyutdanna lærarar hadde Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning eit opptak om lag i samsvar med tildelinga, og det er lagt til grunn eit betydelig større opptak våren 2012.

### Rapportering på studentkapasitet

Elektronisk kartleggingsskjema ligg ved. Nedanfor følgjer nærare grunngeving av framlegget om å trappe opp studieplasskapasiteten.

Grunnlaget for utfylling av skjemaet er budsjettframlegget for 2013 for Høgskolen i Telemark, vedteke av styret 24.11.11, jf. S-sak 108/11.

Tala som er lagde til grunn er høvesvis registrerte studentar per 01.10.11 for 1.årstrinn av dei respektive utdanningane, og opptaksmåtal for 2012. For førskolelærerutdanningane og dei økonomisk-administrative utdanningane er tal for registrerte studentar per 01.10.11 for 1.årstrinn henta frå budsjettframlegget for HiT for 2013. Andre tal er henta frå den årlege studieporteføljesak, jf. S-sak 114/11.

### Ingeniørutdanning

HiT hadde til og med studieåret 2000/2001 eit samla måltal på 170 studieplassar for opptak til ingeniørutdanning. Frå og med studieåret 2001/2002 blei måltalet redusert med 20 studieplassar til 150 studieplassar. 30 studieplassar til ble inndregne frå og med studieåret 2002/2003. Dette inneber at HiTs opptaksmåltal til ingeniørutdanning frå 2002 og til 2009 har vore på 120 studieplassar. Grunngevinga for å dra inn så vidt mange studieplassar var høgskolens noko svake rekruttering til ingeniørutdanning den gongen. Frå 2009 har HiT fått tilført basisfinansiering for totalt 20 nye studieplassar. Av dei er 10 på masternivå og 10 på bachelorgradsnivå.

For å styrkje studentrekrutteringa til ingeniørutdanning har HiT sett i verk ulike tiltak. I den samanhengen er det spesielt grunn til å nemne forsøksordninga for opptak til ingeniørutdanning for søkjarar med fagbrev frå yrkesfagleg studieretning i elektrofag i vidaregåande opplæring til 3-årig ingeniørutdanning (Y-veien), som høgskolen første gong fekk godkjent for opptaket til studieåret 2002/2003. Som departementet er kjent med, har evalueringar vist at søkninga til forsøksordninga har vært god, gjennomstrøyminga høg, og resultatata for denne studentgruppa like bra eller betre enn for andre grupper ingeniørstudentar. Dette var grunnlaget for KDs tildeling av Utdanningskvalitetsprisen for 2008 til HiT. Etter at Forskrift om opptak til universiteter og høgskoler (§3-3) opna for at søkjarar med fagbrev også frå andre yrkesfaglege studieretningar enn elektrofag frå og med studieåret 2007/2008 kan søkje om opptak til ingeniørutdanning gjennom Y-veien, har HiT frå og med hausten 2007 teke opp slike søkjarar til ingeniørutdanning innan studieretningane allmenn bygg, gass- og energiteknologi og maskinteknisk design.

Samla søkning og opptak til høgskolens ingeniørutdanning er m.a. på denne bakgrunnen vesentleg styrkt dei seinaste åra. Utviklinga har vore slik sidan 2002 (registrerte ingeniørstudentar på første årssteg per 1. oktober): 158 (2002), 155 (2003), 131 (2004), 144 (2005), 163 (2006), 190 (2007), 167 (2008), 198 (2009), 192 (2010) og 196 (2011). Som oversynet viser, er talet på studentar som er opptekne til ingeniørutdanning hausten 2011 monaleg over det talet studieplassar høgskolen hadde til rådvelde fram til og med studieåret 2000/2001 (170). Det er i den samanhengen grunn til å nemne at eit betydeleg tal kvalifiserte søkjarar til ingeniørutdanning gjennom Y-veien ikkje er blitt tekne opp pga for få tilgjengelige studieplassar.

Det bør og nemnast at ingeniørutdanninga ved HiT kjem relativt godt ut av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanningane i Noreg.

På denne bakgrunnen gjer HiT framlegg om at basisfinansiering for ytterlegare 30 studieplassar blir tilbakeført til høgskolen som varig auka opptakskapasitet.

### Førskolelærerutdanninga

I St.prp. nr. 1 (2000-2001) blei det samla studenttalet for HiT redusert med 90 studieplassar. Reduksjonen innanfor førskolelærerutdanning blei sett til 30 studieplassar og måltalet for utdanninga blei fastsett til 130. I KDs tildelingsbrev til høgskolen av 11.02.02 blei måltalet redusert med 20 studieplassar til innanfor førskolelærerutdanninga. I 2009 fekk HiT tildelt 25 faste studieplassar i Drammen. Samla tal studieplassar i 2011 er på bakgrunn av dette 135. Registrerte studentar per 1. oktober for 1. årssteg i førskolelærerutdanninga for perioden 2003-2011 er:

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Notodden ordinær	24	21	34	50	33	40	30	42	30
Notodden	15	16	32	26	62	39	32	48	49
Drammen	45	42	52	44	59	62	55	56	64
Porsgrunn	53	49	56	44	55	57	54	66	66
Deltid Drammen							26	0	0
Arbeidsplass								25	24
SUM	137	128	174	164	209	198	197	242	233

Gjennomstrøyminga ved førskolelærerutdanninga dei siste åra har vore stabil og etter måten høg. Det er mange studentar som er i ein livssituasjon med omsorgsoppgåver som gjer at dei treng noko lengre tid på studieløpet. Tabellen nedanfor viser tal på avlagde studiepoeng per heiltidsekvivalent for heile utdanninga:

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Studiepoeng	50,0	52,0	51,2	48,4	52,6	48,1

Førskolelærerutdanninga har eit omfattande rekrutteringsarbeid i samarbeid med Fylkesmannen i Buskerud, og også i Telemark, både for generell rekruttering til yrket og studiet og for å få fleire menn inn i yrket. Det vert også drive omfattande vidareutdanning og etterutdanning for førskolelærarar som lekk i ei systematisk oppbygging av kompetanse innanfor denne sektoren.

HiT driv nettbasert førskolelærerutdanning som tidlegare, men har i år også nokre studentar via Studiesenteret.no, som er eit nettverk av 73 distriktskommunar med etablerte studiesenter for lokalbefolkninga. Studium i dette nettverket når andre målgrupper, noko som også er erfaringa frå dei nettstudia høgskolen driv nå. HiT har bygd opp nettstudium med avansert kommunikasjonsteknologi og førelesingar, rettleiing og praksissamtalar i sann tid, der campusstudentar og nettstudentar har delar av undervisninga felles.

Det er framleis stor trong for førskolelærarar i vår region. Høgskolen ser det som ein viktig del av samfunnsoppgøret å medverke til å dekkje behovet for kvalifiserte førskolelærarar både i denne regionen og i distriktskommunar over heile landet.

På bakgrunn av at talet på søkjarar og registrerte studentar er langt høgare enn dei 135 studentane høgskolen meiner å ha fått basisfinansiering for, gjer HiT framlegg om at det blir tilført basisfinansiering for minst 30 nye studieplassar som varig auka opptakskapasitet.

#### Økonomisk-/administrativ utdanning

Talet på søkjarar og talet på registrerte studentar har auka vesentleg innanfor økonomisk-/administrativ utdanning i perioden 2003-2011. Utviklinga i registrerte studentar per 1. oktober for 1. årssteg i økonomisk-/administrativ utdanning for perioden 2003-2011 er slik:

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Årsstudium i økonomi og	25	21	20	14	27	22	25	35	37
Årsstudium i økonomi og			37	49	46	48	60	55	62
Kandidatstudium i økonomi	31	23	10	11	8	8	8	20	8
Bachelor i økonomi og	18	27	27	31	25	43	49	50	80
Bachelor i revisjon	28	36	35	17	22	10	26	22	29
Bachelor i reiseliv	21	30	27	16	27	17	18	16	14
Bachelor i Internasjonal	21	12	22	15	26	26	30	24	26
Bachelor i Innovasjon og				17	9	7	7	26	20
Bachelor i eigedomsmekling					38	42	35	34	55
SUM	144	149	178	170	228	223	250	282	331

Tabellen syner at det har vore solid vekst i studentmassa som vel å ta økonomisk/ administrativ utdanning ved HiT. Basisen i alle dei studia som er nemnde ovanfor byggjer på dei generelle økonomisk/administrative faga som inngår i bachelorstudiet i økonomi og administrasjon. Dette studiet er i samsvar med Nasjonalt Råd for Økonomisk Utdanning sin plan for økonomisk og administrativ utdanning.

Prognosar frå NIBOR og SSB tilseier at trongen for økonomisk/administrative utdanningar som et minimum vil halde seg i åra framover, og truleg også auke fram mot år 2020. HiT har som mål å ha høge studenttal på desse fagområda for å dekkje det framtidige utdanningsbehovet.

På bakgrunn av at talet på søkjarar og registrerte studentar har auka vesentleg innanfor økonomisk-/administrativ utdanning i perioden 2003-2011, gjer HiT framlegg om at det blir tilført basisfinansiering for minst 15 nye studieplassar som varig auka opptakskapasitet.

### **Rapportering på midlar tildelte over budsjettkapittel 281**

Høgskolen viser til tildeling på kr 810 975 frå KD datert 19.05.11, som gjeld utdanning av rettleiarar for nyutdanna lærarar i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring. Det blir stadfesta at midlane er nytta i samsvar med føresetnaden i tildelingsbrevet. Høgskolen er i gang med å utdanne 41 rettleiarar på studiet praktisk rettleiing 15 studiepoeng, og ytterlegare 35 rettleiarar på 30 studiepoeng rettleiing, organisasjon og profesjon. Det meste av midlane har gått til løn for fagleg og administrativt personale som jobbar med tiltaket. Løn for hausten 2011 utgjer ca. kr 330 000. I tillegg er det nytta ca. kr 50 000 til reiser og kost. Resten av midlane er overførte til 2012, og skal brukast til løn og ymse utgifter våren 2012.

### **Rapportering om SAK**

KD har tildelt 1 mill. kroner i 2011 til samarbeidet mellom Høgskolen i Telemark og Universitetet i Agder, jf. brev frå KD av 30.03.11. Føresetnaden for tildelinga var at midlane skulle stø opp under SAK-arbeidet og medverke til at institusjonane når dei måla som er sette for utgreiingsarbeidet om mogleg fusjon. Midlane er, slik høgskolen ser det, nytta svært målretta i samband med den utgreiingsprosessen som blei gjennomført mellom dei to institusjonane våren 2011, og som resulterte i rapporten *"Ett av to? Kartlegging av muligheter for en fusjon eller utvidet samarbeid mellom Høgskolen i Telemark og Universitetet i Agder."* Midlane vart m.a. bruka til løn til interne utgreiarar i faggruppene (frikjøp), til reise- og opphaldsutgifter til dei som deltok i ulike grupper i utgreiinga, og til honorar, reise- og opphaldsutgifter til eksterne bidragsytarar.

På grunnlag av rapporten og høyringsfråsegnene blei det lagt fram styresaker ved begge institusjonane i juni og september 2011. Styra ved begge institusjonane gjorde i september likelydande vedtak om at det skal opprettast eit felles prosjektstyre for eit 3-årig samarbeids- og utgreiingsprosjekt. Det blir synt til omtalen underverksemdsmål 1.0 for ytterlegare informasjon om prosjektstyre og mandat. Høgskolen i Telemark meiner totalt sett at midlane er bruka målretta og i samsvar med vilkåra for tildelinga, og at dei har medverka til at utgreiingsdokumentet vart eit godt avgjerdsdokument for den vidare prosessen mellom dei to institusjonane.

### **Rapportering på saker frå Sivilombudsmannen og Riksrevisjonen**

Riksrevisjonen har hatt ordinær revisjon av høgskolens årsrekneskap for 2010. Riksrevisjonen hadde ingen vesentlege merknader til rekneskapen og gjennomføringa av budsjettet i 2010. I tillegg har høgskolen svara på kartleggingar frå Riksrevisjonen i 2011. Høgskolen i Telemark har ut over dette ikkje hatt andre saker løpande i byrjinga av året med Riksrevisjonen, og har heller ingen uoppgjorte saker ved slutten av året.

I 2011 er det reist ei sak for Sivilombudsmannen. Saka gjeld klage frå ein søkjar om høgskolen si avgjerd om tilsetjing i ei vitenskapleg stilling. Saka er ennå ikkje ferdig handsama. Spørsmålet om kva tiltak som vil vere aktuelle i denne samanhengen, vil avhenge av konklusjonen Sivilombudsmannen kjem fram til.

### **Rapportering om større investeringsprosjekt**

HiT har planlagt eitt større investeringsprosjekt. Det gjeld auka areal ved studiestad Porsgrunn, og vil bli gjennomført som eit kurantprosjekt i regi av Statsbygg der auka leigekostnader blir tekne innanfor eiga budsjetttramme. Prosjektet vil omfatte nybygging av eit stort auditorium med eit bruttoareal på om lag 710 m<sup>2</sup>, ei ny kontorfløy med eit bruttoareal på om lag 350 m<sup>2</sup>, og om-/ utbygging av biblioteket med eit bruttoareal på om lag 300 m<sup>2</sup>. Prosjektet skal stå ferdig innan studiestart i 2013.



## Rapportering om reduksjon av mellombelse tilsetjingar

Talet på mellombels tilsette har vore stabilt det siste året med 130,5 årsverk i 2010 og 130,4 årsverk i 2011 (DBH-tal). I 2010 utgjorde dette 23,6 % av det totale talet på årsverk ved høgskolen, medan det i 2011 hadde gått ned til 23,1 %.

Ein nærare analyse viser at ein stor del av dei mellombelse årsverka gjeld stillingar som i sin natur er tidsavgrensa, som leiarar i åremålsstillingar, stipendiatar, postdoktorar, vitskaplege assistentar, lærlingar og bistillingar, totalt 65,4 årsverk i 2010 og 72,3 årsverk i 2011. Det er dermed ein reduksjon i andre typar tidsavgrensa tilsetjingar frå 2010 til 2011.

## Rapportering om etiske retningslinjer

Høgskolen i Telemark har fram til 23. februar 2011 ikkje hatt generelle etiske retningslinjer. Høgskolen har likevel fastsett egne retningslinjer på desse områda:

- *Etiske retningslinjer ved seksuell trakassering i Høgskolen i Telemark* ble fastsette av styret 19.06.03 (S-sak 66/03).
- *Etiske retningslinjer for tilsatte som driver med innkjøp* går inn som pkt. 6.6 i *Økonomihåndbok for Høgskolen i Telemark*, fastsett av høgskoledirektøren 01.10.04.
- *Retningslinjer for god forskningspraksis ved Høgskolen i Telemark* blei fastsette av styret 22.05.08 (S-sak 35/08).
- *Retningslinjer for behandling av mistanke om vitenskapelig uredelighet ved Høgskolen i Telemark*, fastsette av styret 22.05.08 (S-sak 35/08).
- *Interne varslingsrutiner ved Høgskolen i Telemark*, fastsette av styret 19.06.08 (S-sak 60/08) med språklege og redaksjonelle justeringar godkjende av rektor 22.08.08.
- *Retningslinjer for privat ervervsvirksomhet m.v.*, fastsette av høgskoledirektøren 05.07.11.

Styret har i møte 23. februar fastsett generelle etiske retningslinjer for HiT. Dei etiske retningslinjene som tidlegare var fastsette på ulike delområde, går nå inn i dei generelle etiske retningslinjene. Styrets oppfatning er at retningslinjene nå dekkjer alle sider ved verksemda. Dei vil bli gjort lett tilgjengelege på høgskolens heimeside, og heile organisasjonen vil bli informert om dette.

I dei generelle etiske retningslinjene er ansvar tydeleggjort ei rekkje stader, m.a.:

- pliktar medarbeidarane å setje seg inn i og følgje rettsreglar, etiske retningslinjer for statstenesta og høgskolens etiske retningslinjer,
- pliktar medarbeidarar å melde frå til leiar eller leiaren sin overordna om tilhøve som kan føre til tap eller skade for arbeidsgjevar, medarbeidarar eller omgjevnader,
- må leiarar kontrollere at aktivitetar innanfor deira ansvarsområde blir utførte i samsvar med høgskolens etiske retningslinjer,
- bør medarbeidarar som får kjennskap til tilhøve som er i strid med lover, føresegner og retningslinjer, eller til andre kritikkverdige tilhøve elles, varsle om det i tråd med dei ordningane som er fastsette i Interne varslingsrutinar ved Høgskolen i Telemark.

Styret meiner at dei nye generelle etiske retningslinjene tydeleggjer ansvar, og dermed medverkar til å redusere risikoen for at reglane blir brotne.

## **Rapportering om forvaltning av fullmakter**

Høgskolen hadde eigarinteresse i berre to aksjeselskap i 2011.

Eigarinteressa i selskapet Etnisk Musikklubb er på to aksjar med ein samla kostpris på kr 2 000. Denne eigarinteressa er under avvikling.

Høgskolen vil vidareføre eigarinteressa i selskapet Vitenl@ben AS også i 2012. Selskapet blei stifta 08.02.07, og har ein samla aksjekapital på kr 120 000 fordelt på 1 200 aksjar kvar pålydande kr 100. Staten ved HiT eig per 31. desember 2010 400 aksjar, noko som tilsvarar 33,33 prosent av samla aksjekapital.

Hovudmålet med eigarskapen i Vitenl@ben AS er å medverke til auka fokus på realfag og rekruttering til studieprogram som krev realfagskompetanse, særleg innan informatikk- og teknologistudium. HiTs kandidatar frå desse studieprogramma er etterspurde både regionalt og nasjonalt, og høgskolen greier per i dag ikkje å støtte næringslivet sine behov for kandidatar på desse områda.

## **Særskilde rapporteringskrav for enkelte institusjonar**

Vedlagt følgjer:

- Evaluering av ingeniørutdanninga ved Høgskolen i Telemark – Oppfølgingsplan
- Evaluering av førskolelærunderdanninga ved Høgskolen i Telemark - rapport

## **Rapportering på tryggleik og beredskap**

Høgskolen har ein krisehandterings-/beredskapsplan. Planen er lagd ut på høgskolens nettsider. I 2011 er dette gjort i samband med planen:

- varslingslista er revidert
- det er gjeve utfyllande retningslinjer og informasjon dersom det skjerulukker i utlandet

I 2012 planlegg høgskolen å gjennomføre ei beredskapsøving. I tillegg vil det bli gjort ein gjennomgang knytt til terrortrugslar, jf. pålegg frå KD i tildelingsbrev for 2012.

Høgskolen har gjennomført førstehjelpskurs for tilsette i 2011. Desse kursa vil bli vidareførte i 2012.

Det er utarbeidd ein egen policy for informasjonstryggleik ved Høgskolen i Telemark, vedteken av styret 24.09.09. Planen omfattar leiinga sine mål for informasjonstryggleik, omfang og definisjonar, prinsipp, roller og ansvarsområde. I 2010 og 2011 blei det arbeidd ut nokre nye rutinar knytte til dette. Det er nå sett i gang eit arbeid for å oppdatere og eventuelt betre denne policyen med bakgrunn i ny institusjonsleiing, nytt delegasjonsreglement frå styret til rektor, og vidaredelegering frå rektor.

## **Rapportering på felles føringar for alle statlege verksemdar**

### *Inkluderande arbeidsliv*

IA-avtalen ble fornya og underteikna 17.01.2011. Den gjeld frå 01.03.2010 - 31.12.2013.

### Redusere sjukefråværet

Høgskolens mål:

- Stabilisere fråværet på omkring 4 %.

Sjukefråværet ved høgskolen var på 3,6 % i 2011. Dette er lågare enn overordna målsetjing, og høgskolen har gjennomført tiltak i 2011 som synest å ha medverka positivt til denne utviklinga.

Aktivitetar:

- Sjukefråværet vart gjennomgått og diskutert i hovud-AMU fire gonger i årets løp.
- Det organisatoriske og nære arbeidsmiljøet blei systematisk kartlagt gjennom ei medarbeidarundersøking.
- På grunnlag av rapportane for den enkelte eininga blei det utarbeidd konkrete tiltak for å betre det nære arbeidsmiljøet.
- Årleg ”inspirasjonsdag” for alle medarbeidarar.
- Det fysiske arbeidsmiljøet vart sikra gjennom vernerundar med vurdering av risikotilhøve og tiltak ved studiestadene.
- I samsvar med dei nye sjukefråværsreglane ble sjekklista for sjukefråværsoppfølging oppdatert og oppfølgingsplanen forbetra.

#### Leggje til rette for arbeidstakarar med redusert funksjonsevne

Høgskolens mål:

- Det skal arbeidast for å inkludere fleire personar med redusert funksjonsevne.

Høgskolen har 15 medarbeidarar med redusert funksjonsevne.

Aktivitetar:

- Medarbeidarar med redusert funksjonsevne blir inkluderte i arbeidsmiljøet.
- HiT legg til rette for funksjonshemma fysisk/bygningsmessig.
- Arbeidssøkjjarar med redusert funksjonsevne blir vurderte på lik line med andre søkjjarar i alle rekrutteringsprosessar.
- Høgskolen nyttar ordninga med praksisplass der løna heilt eller delvis blir av NAV, og i 2011 var tre medarbeidarar i arbeidspraksis ved høgskolen.

#### Auke den reelle pensjoneringsalderen

Høgskolens mål:

- Stabilisere avgangsalderen på 65 år, som er dagens nivå.

Avgangsalder er per i dag ca. 64,5 år.

Aktivitetar:

- For å halde medarbeidarar lengre i jobb, har høgskolen utarbeidd og vedteke ein seniorpolitikk.
- Det er innført eit seniorstipend. Høgskolens medarbeidarar har frå det året dei fyller 62 år høve til å søke om å få nytte opp til 50 % av stillinga i seks månader til arbeid/prosjekt som er nyttig og viktig for høgskolens verksemd, og som til vanleg ikkje er knytt til medarbeidaren sitt daglege arbeid. Det blei søkt om og tildelt 2 seniorstipend i 2011.
- Høgskolens medarbeidarar får frå det året dei fyller 60 år tilbod om å delta på seniorkurs arrangert av Norsk Senter for Seniorutvikling. 21 medarbeidarar deltok i 2011.

#### *Brukarundersøkingar*

Som ein del av høgskolens kvalitetssikringssystem er det gjennomført to emneevalueringar og ei læringsmiljøevaluering blant høgskolens studentar i 2011. Sjølv evalueringssvara (rådata) er ikkje offentleg tilgjengelege, her krevst det innlogging med brukarnamn og passord. Hovudresultata av undersøkingane er oppsummerte i to styresaker, Kvalitetsrapport for studieåret 2010-2011 og Årsrapport frå Læringsmiljøutvalet for studieåret 2010-2011. Desse styresakene er gjort offentleg tilgjengelege på høgskolens nettsider.

I 2012 planlegg høgskolen å gjennomføre to emneevalueringar og ei læringsmiljøevaluering blant høgskolens studentar, som i 2011. Det vert også planlagt større brukarundersøking blant studentane i tilknytning til høgskolens bibliotekteneste.

### Læringar i staten

HiT har per i dag fem læringar, fire IKT-læringar og ein innan kontor- og administrasjonsfag. Det er det same talet som i 2010. Det er nyleg vurdert om høgskolen også kan ta imot laboratorielæringar, men dette har ikkje latt seg gjennomføre. Det blir elles synt til fylldig rapport til KD i september 2010 om læringsplassar ved HIT og institusjonens mål for å ta inn læringar.

### Statistikk for tal på arbeidsplassar

Talet på årsverk ved HIT pr 01.10.11 var 564,4 mot 552,8 på same dato i 2010, altså ein vekst på 11,6 stillingar. Se elles tabellen nedanfor:

Statlige høgskoler ► Høgskolen i Telemark

Avdeling/Fakultet	2007		2008		2009		2010		2011	
	Totalt	Kvinner %	Totalt	Kvinner %	Totalt	Kvinner %	Totalt	Kvinner %	Totalt	Kvinner %
<a href="#">Bibliotek</a>	16,6	79,5	16,7	82,0	17,5	82,9	18,7	83,9	16,9	82,2
<a href="#">Driftstjenesten</a>	36,7	63,2	35,6	63,2	35,4	61,3	34,7	59,0	34,9	56,4
<a href="#">Fakultet for allmennvitenskapelige fag</a>	116,4	33,7	124,8	39,1	116,2	37,7	120,2	41,2	118,7	39,4
<a href="#">Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærerutdanning</a>	152,0	58,1	152,6	58,5	143,9	57,2	160,1	59,4	165,5	60,9
<a href="#">Fakultet for helse- og sosialfag</a>	73,7	75,6	77,8	78,9	75,2	80,1	76,1	79,6	84,4	79,3
<a href="#">Fakultet for teknologiske fag</a>	63,3	21,8	66,0	23,7	78,9	22,6	83,6	24,9	84,9	23,9
<a href="#">Fellesadministrasjonen</a>	36,3	56,2	37,7	57,6	40,1	62,6	39,5	62,0	39,5	64,8
<a href="#">IT-tjenesten</a>	17,5	5,7	18,0	-	19,2	5,2	20,0	5,0	19,6	10,2
<b>Sum</b>	<b>514,3</b>	<b>49,9</b>	<b>529,2</b>	<b>51,6</b>	<b>526,4</b>	<b>50,6</b>	<b>552,8</b>	<b>52,0</b>	<b>564,4</b>	<b>52,4</b>

### Tilgjengeleggjering av offentlege data

Høgskolen i Telemark har ikkje noko å rapportere under dette punktet i 2011. Ein reknar med at omgrepet rådata ikkje omfattar dei vitenskaplege artiklane, doktorgradsavhandlingane og mastergradsoppgåvene som høgskolen legg ut i dei opne publiseringskanalane TEORA og Digitale Telemarkskjelder.

### 3 Plan for 2012

#### 3.1 Plan for verksemda i 2012

##### *Sektormål 1*

*HiT skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.*

##### Verksemdsmål 1.0 (eigendefinert)

*HiT har universitetsetablering, eventuelt vidareutvikling av universitetsfunksjonane i Telemark, som mål.*

##### *Eigendefinerte styringsparametrar:*

- a) HiT skal delta i eit institusjonelt forankra samarbeidsprosjekt med Universitetet i Agder med sikte på å utvikle og realisere konkrete fellestiltak av fagleg og administrativ karakter og å greie ut grunnlaget for fusjon eller utvida samarbeid mellom dei to institusjonane.
- b) HiT skal tilby doktorgradsstudium innan teknologi, økologi og kulturstudiar, og søkje samarbeid med Universitetet i Agder om forskarutdanning innanfor helsefag og lærarutdanning.
- c) HiT skal arbeide vidare med utvikling av mastergradsstudium innanfor engelsk og norsk - fagdidaktisk retning og innanfor økonomisk/administrativt område.

##### Verksemdsmål 1.1

*Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.*

##### *Kvantitative styringsparametrar:*

- a) Eigendefinert: Talet på førstevalssøkjjarar i Samordna opptak skal vere minst 2 650.
- b) Eigendefinert: Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 600.

##### Verksemdsmål 1.2

*Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.*

##### *Kvantitative styringsparametrar:*

- a) Gjennomføring på normert tid skal vere minst 0,88.
- b) Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare.
- c) Eigendefinert: Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 47,9.
- d) Eigendefinert: Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere minst 18,7.
- e) Eigendefinert: Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 435.
- f) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 130.
- g) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 900.

- h) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (105), vernepleiarutdanning (35), allmennlærerutdanning (40), førskolelærerutdanning (150) og ingeniørutdanning (160).

### Verksemdsmål 1.3

*Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningsamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.*

*Kvantitative styringsparametrar:*

- a) Eigendefinert: Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal vere minst 200, av dei 65 utreisande.
- b) Eigendefinert: Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 10.
- c) Eigendefinert: Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 900.

### **Sektormål 2**

*HiT skal, i tråd med sin eigenart, utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.*

### Verksemdsmål 2.1

*Høgskolen i Telemark skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å stette behova i sektoren og samfunnet elles.*

*Kvantitative styringsparametrar:*

- a) Eigendefinert: Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere 5.
- b) Eigendefinert: Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 8.

### Verksemdsmål 2.4<sup>1</sup>

